



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave

BLU-BACH15

Predefinert informasjon

| | | | |
|-----------------------|--|------------------------|----------------------------|
| Startdato: | 28-12-2020 09:00 | Termin: | 2020 HØST |
| Sluttdato: | 08-01-2021 14:00 | Vurderingsform: | Norsk 6-trinns skala (A-F) |
| Eksamensform: | Bacheloroppgave | | |
| SIS-kode: | 203 BLU-BACH15 1 BOPPG 2020 HØST stord | | |
| Intern sensor: | Randi Elisabeth Nordlie | | |

Deltaker

| | |
|---------------------|----------------|
| Navn: | Mathilde Olsen |
| Kandidatnr.: | 150 |
| HVL-id: | 579215@hvl.no |

Informasjon fra deltaker

| | |
|----------------------|-----------------|
| Tittel *: | Klumpen i magen |
| Antall ord *: | 13936 |

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn: Kandidatnummer 150 og 151
Gruppenummer: 17
Andre medlemmer i gruppen: Anne Sofie Knapstad

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Ja, Høgskulen på vestlandet



Høgskulen
på Vestlandet

Bacheloroppgåve

Tittel: Klumpen i magen

Title: The lump in the abdomen

«Når den fire år gamle jenta må hjelpe sin fulle mor i seng hver kveld, sjekke at hun har vann på nattbordet, bre over dyna og slukke lyset, da er barnets verden snudd på hodet» (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s. 37).

Kandidatnummer 150

Kandidatnummer 151

Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett (FLKI)

BLU-BACH

Rettleiar: Randi Elisabeth Nordlie

Innleveringsdato: 08.01.2021

Vi stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeidd, og at referanser/kjeldetilvisningar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

Samandrag

Grunnen til at vi valde temaet omsorgssvikt, var fordi vi ville lære meir om eit interessant og viktig tema å ha kunnskap om når vi skal ut i jobb etter endt utdanning.

Målet vårt har vore å finna ut meir om teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt. For å kunna svara på problemstillinga: *«kva teikn og signal kan barnehagelæraren sjå etter ved mistanke om omsorgssvikt, og korleis går barnehagelæraren fram i omsorgssviktsituasjonar?»*, har vi valt å gå fram med den kvalitative metoden og intervju tre personar med barnehagelærerutdanning og som til dagleg arbeider i barnehage.

Med utgangspunkt i problemstillinga har vi i tillegg formulert to forskingsspørsmål, der vi ynskjer å finna ut av korleis barnehagelæraren arbeider i forhold til foreldra, og når barnehagelæraren ser behovet for å trekkja inn barnevernet.

På førehand av intervju utforma vi ein intervjuguide (vedlegg 2), deretter fann vi teori som passa til vår problemstilling, før vi gjennomførte intervju og analyserte intervju i etterkant.

Resultata som kom fram i intervju tyder på at det er fleire teikn som kan ha samanheng med omsorgssvikt, men i nokre tilfelle kan det vera vanskeleg å skilja mellom kva som er normal utvikling hos barna og kva som er reaksjonar på omsorgssvikt. Konklusjonen frå vår forskning og samtalar med intervjuobjekta våre, tyder på at plutselig og drastisk endring i åtferd er det tydlegaste teiknet på omsorgssvikt hos barn.

Abstract

The reason for choosing the theme care failure, is that we wanted to learn more about a very interesting and important theme for us to know as much as possible about when we complete our education and start working in a kindergarten.

The aim of this paper has been to discover signs and signals which can be typical for care failure. To answer our research problem “*which signs and signals should the kindergarten teacher look for when she/he suspects care failure, and what should the kindergarten do in such situations?*”, we have chosen the qualitative method and interviewed three persons working in a kindergarten and educated as kindergarten teachers.

In addition to the main problem, we have included two research questions where we want to look further into how the kindergarten teacher works towards the parents, and when the kindergarten teacher sees the need for involving the child welfare.

Prior to the interviews, we made an interview guide (appendix 2). We searched for theory connected to our issue, performed the interviews and analysed the interviews afterwards.

The results of the interviews indicates that several signs can be connected to care failure, but it can sometimes be difficult to distinguish between normal child development and reactions on care failure. The conclusion from our research and discussions with our informants, indicates that a sudden and drastic change in the child’s behaviour is the clearest sign of care failure.

Innholdsliste

| | |
|--|-----------|
| Samandrag..... | 2 |
| Abstract..... | 3 |
| 1. Innleiing | 6 |
| 2. Tidlegare forskning på området | 8 |
| 2.1 Rapport frå Folkehelseinstituttet | 8 |
| 2.2 Masteroppgåve skrive av Darija Zivanovic..... | 8 |
| 2.3 Masteroppgåve skrive av Trine Johansen Rushfeldt..... | 9 |
| 3. Kunnskapsgrunnlag..... | 11 |
| 3.1 Lovverk | 11 |
| 3.1.1 Barnevernet | 12 |
| 3.2 Kva er omsorgssvikt? | 12 |
| 3.3 Ulike former for omsorgssvikt | 13 |
| 3.3.1 Barn som vert utsett for vanskjøtsel..... | 13 |
| 3.3.2 Barn som vert utsett for fysiske overgrep..... | 13 |
| 3.3.3 Barn som vert utsett for psykiske overgrep..... | 14 |
| 3.3.4 Barn som vert utsett for seksuelle overgrep | 14 |
| 3.4 Avdekking av omsorgssvikt | 15 |
| 3.4.1 Den rare magekjensla og uroa | 15 |
| 3.4.2 Teikn og signal ved omsorgssvikt som kan gi grunn til bekymring | 15 |
| 3.5 Barnehagelærer si kompetanse i arbeidet med omsorgssvikt..... | 16 |
| 3.5.1 Hindringar og mogleheiter i arbeidet..... | 16 |
| 3.6 Samarbeid med foreldre | 17 |
| 3.6.1 Foreldre i omsorgssviktsituasjonar | 18 |
| 4. Metode..... | 19 |
| 4.1 Kvalitativt og kvantitativ metode | 19 |
| 4.2 Kvalitativt intervju | 19 |
| 4.3 Utval | 21 |
| 4.4 Gjennomføring av intervju | 21 |
| 4.5 Transkribering og analyse av intervju..... | 22 |
| 4.6 Etske omsyn..... | 22 |
| 4.7 Validitet og reliabilitet | 23 |
| 5.1 Kompetanse om omsorgssvikt..... | 24 |

| | |
|--|----|
| 5.1.1 Omgrepet omsorgssvikt..... | 24 |
| 5.1.2 Kompetansen til barnehagelærarane og i personalgruppa | 24 |
| 5.1.3 Opplæring i personalgruppa | 25 |
| 5.2 Teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt | 26 |
| 5.2.1 Korleis går barnehagelæraren fram når det er mistanke om omsorgssvikt?..... | 26 |
| 5.3 Samarbeid med foreldre og barnevernstenesta..... | 27 |
| 6. Drøfting..... | 29 |
| 6.1 Korleis kan barnehagelærer forstå omgrepet omsorgssvikt ut frå teikn og signal hos barn? | 29 |
| 6.2 Korleis kan barnehagelæraren sin kompetanse påverka arbeidet med å oppdaga omsorgssvikt? | 33 |
| 6.3 Korleis går barnehagelæraren fram i omsorgssviktsituasjonar? | 35 |
| 6.3.1 Når er behovet for å trekkja inn barnevernet? | 36 |
| 7. Avslutning/konklusjon..... | 38 |
| 7.1 Rammeplanen og Lova | 38 |
| 7.2 Teikn og signal..... | 38 |
| 7.3 Samarbeid med foreldra og barnevernet..... | 39 |
| 8. Litteraturliste | 40 |
| 9. Vedlegg..... | 43 |
| VEDLEGG 1: INFORMASJONSSKRIV | 43 |
| VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE..... | 44 |

1. Innleiing

Temaet i bacheloroppgåva er omsorgssvikt, eit stort tema som har gjeve oss sterke inntrykk. Etersom omsorgssvikt er eit stort og vidt tema, har vi avgrensa oppgåva og ynskjer å sjå på teikn og signal som kan ha samband med omsorgssvikt. Rammeplanen for barnehagen seier at gjennom den daglege kontakten med barna, står barnehagepersonalet i ein god posisjon til å kunne observera og ta imot informasjon om barnas omsorgs- og livssituasjon. Personalet i barnehagen skal vera bevisst på at barn kan vera utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal veta korleis omsorgssvikt kan førebyggjast og avdekkjast. Alle barnehagetilsette skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. Barnehagelova § 22 (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.11).

Grunnen til at vi valde temaet omsorgssvikt, var at vi synes dette er eit viktig og interessant tema som vi vil tileigna oss meir kunnskap om. Vi meiner det er heilt avgjerande at vi som barnehagelærarar har kunnskap og kompetanse nok om teikn og signal som kan vekke mistanke om omsorgssvikt og korleis vi skal jobba med å førebyggja og avdekkja omsorgssvikt. Vi vil sjå nærare på kva teikn og signal som kan ha samband med omsorgssvikt og korleis barnehagelærarar kan gå fram i omsorgssviktsituasjonar, samstundes som vi, ved å fordjupa oss i denne tematikken, vil verta meir rusta dersom vi kjem i slike situasjonar sjølv i arbeidslivet.

Etter å ha valt tema, gjekk vi i gong med å utforma problemstillinga: «*Kva teikn og signal kan barnehagelærar sjå etter ved mistanke om omsorgssvikt, og korleis går barnehagelæraren fram i omsorgssituasjonar?*». Med utgangspunkt i problemstillinga har vi i tillegg formulert to forskingsspørsmål som vi vil sjå nærare på. Vi vil undersøkje korleis barnehagelæraren jobba i forhold til foreldra, og vi ynskjer å finna ut av når barnehagelærarane ser behovet for å trekkja inn barnevernet. For å få svar på problemstillinga, har vi nytta kvalitative intervju med tre barnehagelærarar.

Oppgåva vår er delt inn i sju delar, der vi mellom anna presenterer teori, metode og resultat som har kome fram i intervju våre. Innleiingsvis har vi presentert tema og problemstilling, og grunngjeve kvifor vi har valt dette. I del to av oppgåva har vi gjort greie for noko av den tidlegare forskinga som er gjort på området. Vidare har vi presentert kunnskapsgrunnlag og teori som vi ser på som relevant i forhold til problemstillinga vår. I del fire har vi skrive om metoden vi har valt, der vi mellom anna har skrive om gjennomføringa av intervju vi hadde, og litt om etiske omsyn, reliabilitet og validitet. Etter å presentert metoden, gjekk vi gjennom

intervjua og gjorde greie for resultatene som kom fram, og vi delte resultatene inn i tre hovudkategoriar. I del seks drøfta vi resultatene saman med teori i dei tre hovudkategoriane våre. Til slutt i oppgåva konkluderte vi resultatene våre i samsvar med problemstillinga vår.

2. Tidlegare forskning på området

For å finna tidlegare forskning om kva teikn og signal barnehagelærar kan sjå etter ved mistanke om omsorgssvikt, har vi søkt i digitale databasar som NTNU- open, Oria og Google Scholar. Sentrale søkeord vi har brukt er: «omsorgssvikt», «barn», «tegn» og «signal». Vi fann mange interessante forskingsartiklar og oppgåver som omhandlar omsorgssvikt, vi valde ut ein rapport og to tidlegare masteroppgåver som vi synes passa til problemstillinga vår.

2.1 Rapport frå Folkehelseinstituttet

Folkehelseinstituttet har utarbeidd ei systematisk oversikt som fortel noko om kva teikn og signal hos barn og unge som kan ha samanheng med omsorgssvikt. I rapporten har dei undersøkt andre oversikter med middels og høg metodisk kvalitet (Folkehelseinstituttet, 2018, s. 6). Det kjem fram i rapporten at det er usikkert om antisosial åtferd og aggressiv åtferd har samanheng med omsorgssvikt. Nokre av funna deira var derimot at forseinka språkutvikling ofte er eit vanleg problem hos barn frå to og eit halvt år som ein kanskje kan sjå i samanheng med omsorgssvikt, og ufrivillig avføring hos barn kan ha samanheng med at barna er utsette for seksuelle overgrep. Eit anna funn var også at depresjon kan ha ein samanheng med omsorgssvikt og vanskjøtsel. Samstundes kjem det fram at det er usikkert om depresjon har noko samanheng med psykisk og fysisk vald. Det vert og skrive at det er usikkert om det er noko samanheng mellom eteforstyrningar, seksuelle overgrep og psykiske eller fysiske overgrep. Funna viser og at låg intelligens hos barn som har posttraumatisk stressyndrom og kan ha ein samanheng med omsorgssvikt (Folkehelseinstituttet, 2018, s. 7-8). Det står i rapporten at det ikkje vart funne oversikter over dei teikna og signala dei hadde førehandsdefinert i prosjektplanen sin, som sår, kutt, brot i bein og armar, feilernæring, og helseproblem som ikkje vert behandla eller foreldre sitt fråvær av involvering. Rapporten konkluderer ikkje sikkert om nokre spesifikke teikn og signal har samanheng med omsorgssvikt, det kjem derimot fram at det finnes mykje forskning på området, men at det diverre er ein del metodiske manglar i studiane. Forsking som er brukt i denne rapporten viser at nokre teikn og signal har samanheng med omsorgssvikt, medan det er usikkert om andre teikn og signal har samanheng med omsorgssvikt (Folkehelseinstituttet, 2018, s. 9).

2.2 Masteroppgåve skrive av Darija Zivanovic

Darija Zivanovic (2014) utførte ein kvalitativ studie som set lys på korleis barnehagetilsette kan oppdaga barn som er utsett for omsorgssvikt. Ho gjennomførte intervju med fem ulike barnehagetilsette i ulike barnehagar, både tilsette frå kommunale og private barnehagar. Det

fyrste funnet alle informantane hennar var samstemte om, var at omsorgssvikt var eit vidt omgrep, både i uttrykksform og grad av alvor (Zivanovic, 2014, s. 35). Nokre av informantane hennar meinte at omsorgssvikta i somme tilfelle kan vera «skjult», noko som vil seia at omsorgssvikta kan vera godt gøymd bak ein fasade og dermed vanskeleg å oppdaga gjennom tydelege teikn og signal. Alle informantane hennar meinte at det hjelper å bruka observasjonsskjema, ha samtalar og drøfta med kvarandre, dersom ein mistenkjer at eit barn er utsett for omsorgssvikt (Zivanovic, 2014, s. 36). Informantane er klar på at det er viktig å ha eit kompetent og godt utdanna personale for å kunna oppdaga og avdekkja omsorgssvikt. Ein av informantane hennar nemner utfordringa som kan oppstå med ufaglærte på arbeidsplassen, ettersom dei kanskje ikkje ser teikna barna viser som kan ha samband med omsorgssvikt, og heller ikkje er merksame på og noterer kommentarar frå foreldra. For at dei barnehagetilsette skal kunna oppdaga teikn og signal som kan ha samband med omsorgssvikt, må dei veta kva dei skal sjå etter og kva signal barna sender ut dersom dei ikkje har det bra heime (Zivanovic, 2014, s. 49). Konklusjonen vi kan dra ut frå oppgåva til Zivanovic er at omsorgssvikt er eit ganske vidt og samansett omgrep, og at omsorgssvikta kan vera «skjult», og vanskeleg å oppdaga. Ho fortel og at det er og viktig å ha eit godt utdanna personale, som ser barnet der det er.

2.3 Masteroppgåve skrive av Trine Johansen Rushfeldt

Trine Johansen Rushfeldt har skriva ei masteroppgåve der ho ser på korleis barnehagen kan fungera som ein del av eit hjelpetiltak for barn som vert utsett for omsorgssvikt (Johansen Rushfeldt, 2014, s. 1). Johansen Rushfeldt valde her å gjennomføra eit kvalitativt studie med intervju av fire personar, 3 barnehagelærarar og ein person frå PPT-tenesta (Johansen Rushfeldt, 2014, s. 23 & 25). Ein av informantane seier at barnehagelærarar som kjenner barna godt, vil ofte kunna sjå når noko er gale (Johansen Rushfeldt, 2014, s. 36). Ein av dei andre informantane seier at barn som er utsett for omsorgssvikt kan gje signal til dei vaksne at dei eigentleg treng noko anna enn dei viser, til dømes kan dei visa at dei treng hjelp ved å trekkja seg vekk (Johansen Rushfeldt, 2014, s. 46). Informantane i studiet seier at det er den synlege omsorgssvikta som kan vera enklast å oppdaga, då den blant anna kjem i form av synlege teikn som blåmerker. Ho fann ut at nokre former for omsorgssvikt kan vera skjult bak ei skilsmisse, i og med at åtferda til barn kan endra seg på same måte ved ei skilsmisse som ved omsorgssvikt. Fleire av informantane hennar seier at det er den dårlege magekjensla som ofte er deira fyrste grunn til bekymring for eit barn. Denne kjensla kan oppstå på bakgrunn av barns eigne utsegn, observasjon av barn, og observasjon av samspelet mellom barn og

foreldre i til dømes hente- og bringesituasjonar. Det vert påpeikt at den dårlege magekjensla kan oppstå etter observasjonar av hendingar som ikkje er heilt adekvate. Informantane hennar nemner nokre symptom, eller teikn, på omsorgssvikt, som kan vera at barn får brus på tåteflaska, barn som utøver vald mot andre barn, endring i åtferd generelt og endring i leike-åtferd (Johansen Rushfeldt, 2014, s. 55). Ho fann ut at alle informantane var klar på at barnehagelærarar skal vera ansvarlege vaksne som arbeider i eit tverrfagleg system og er der for barnet. Informantane var også klar på verdien av det tverrfaglege samarbeidet, mellom anna nemnde dei at råd og rettleiing frå PPT-tenesta har mykje å seia for at barnehagen skal fungera som ein del av eit hjelpetiltak. Ho skriv at barnehagen er ein god stad der barn kan få omsorg når omsorga ikkje er så god eller god nok heime, og der barn får høve til å retta opp i moglege skeivutviklingar med god hjelp av barnehagelærarar, PPT-tenesta og barnevernstenesta. Med dette samarbeidet kan både barn og foreldre få råd, og barnet kan kanskje fortsetja å bu heime (Johansen Rushfeldt, 2014, s. 57).

3. Kunnskapsgrunnlag

I denne delen skal vi presentere kunnskapsgrunnlaget for oppgåva. Fyrst vil vi skriva om kva lovverket seier om omsorgssvikt. Etter lovverket er presentert, vil vi skriva om kva omsorg er og kva omsorgssvikt er. Vidare vil vi skriva om kva teikn og signal som kan gi grunn til bekymring, og vi vil presentere fire hovudtypar av omsorgssvikt. Til slutt i denne delen vil vi skriva om avdekking av omsorgssvikt, barnehagelæraren sin kompetanse og samarbeidet med foreldra.

3.1 Lovverk

Barnehagen har ei rekkje lovverk, forskrifter og retningslinjer å forhalda seg til, og det er særst viktig at spesielt styrar og pedagogisk leiar har overordna kjennskap til lover som har med plikt og ansvar å gjera ved mistanke om bekymring for eit barn. Samstundes får barnehagen sitt personale eit mandat mellom anna i forhold til omsorgssvikt gjennom forskrifta til barnehagelova. I rammeplanen for barnehagen står det skrive at «personalet skal ha et bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11). I situasjonar der ein kjenner bekymring for omsorgssvikt, er det særst viktig å kjenna til opplysningsplikta. Kari Emilsen og Åse Bratterud skriv mellom anna at kjennskap til og oppfyling av opplysningsplikta er heilt avgjerande for oss som jobbar i barnehagen for at barnevernet skal kunna gi barnet den hjelpa dei har behov for (Emilsen & Bratterud, 2020, s. 37). I Barnehagelova § 22 står det skrive at alle som arbeider etter lova skal melda frå til barnevernstenesta, utan hinder av teieplikta, mellom anna ved mistanke om barn som vert mishandla, utsett for manglande dagleg omsorg eller utsett for annan alvorleg omsorgssvikt (Barnehagelova, 2005, § 22). Alle offentleg tilsette har ei generell plikt om teiing som er nedfelt i den forvaltningsmessige teieplikta § 13 i Forvaltningslova, det gjeld blant anna barnehagetilsette og barnevernet. Paragrafen seier at alle som arbeider i eit forvaltningsorgan har plikt til å sørge for at andre ikkje får vita noko om personlege forhold. I einskilde tilfelle vil det derimot vera naudsynt å gi ut personopplysingar, slik at barnehagen og barnevernstenestenesta kan ivareta barnets behov av vern, og i slike tilfelle kan ikkje teieplikta vera til hinder. Forvaltningslova § 13a seier at teieplikta ikkje er til hinder «når opplysningene brukes når behovet for beskyttelse må anses varetatt ved at de gis i statistisk form eller ved at individualiserende kjennetegn utelates på annen måte» (Forvaltningslova, 1970, § 13 & 13a). Barnevernlova § 1-1 skal sikra at barn som lever under forhold som kan vera til skade for dei, får den naudsynte hjelpa dei treng, omsorg og vern. Lova skal sikra at

barn møtes med tryggleik og kjærleik, og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår (Barnevernlova, 1993, § 1-1).

3.1.1 Barnevernet

På BUFDIR sine nettsider kan ein lesa at familiar som ønskjer hjelp ofte tek kontakt med barnevernstenesta sjølv, medan det i nokre tilfelle er barnehagen som melder bekymring for barn sin omsorgs- eller livssituasjon til barnevernet. Barnevernstenesta kjem ofte til semje med familieane om å setja inn ulike hjelpetiltak, som til dømes barnehageplass eller avlastingsheim. Barnevernet kan i nokre tilfelle gjera eit akuttvedtak på ei sak, altså behandla den raskt, dette gjer dei til dømes dersom foreldra slit med rus eller psykiske lidingar eller ved mistanke om vald mot barn og det er fare for barnet (BUFDIR, 2015c). I tillegg til, eller i staden for, å setja inn hjelpetiltak, kan også barnevernstenesta gi råd og rettleiing til foreldra, som kan vera til hjelp for å styrka foreldrerolla deira (BUFDIR, 2015b).

Det er ikkje alltid like enkelt å veta om barn si endring i åtferd og utvikling kjem av funksjonsnedsetjing, reaksjonar på omsorgssvikt eller begge deler. Ein skal vera merksam på at konsekvensane av nedsett funksjonsevne kan forvekslast med omsorgssvikt, til dømes kan ADHD, autismespekterforstyringar eller tourettes syndrom verta forveksla med omsorgssvikt (BUFDIR, 2015a).

3.2 Kva er omsorgssvikt?

Pär Nygren fortel at omsorg er til stades over alt i barnehagen, og at det er ein taus sjølvfølge (Pär Nygren, sitert i Killén 2015, s 17). Tholin skriv at omsorg seiast å vera ei kjensle, der ein person viser støtte, hjelp eller pleie til ein anna person som treng det. Omsorg er noko ein utøver ovanfor andre som ein bryr seg om og er knytt til. Omsorg er meir indrestyrt som ein omsorgsimpuls, der vi har eit behov for å ivareta andre sitt behov for omsorg (Tholin, 2013, s. 18). Omsorg kan ikkje definerast som eit bestemt fenomen, men i barnehagesamanheng er det sentralt å undersøkje om involverte partar opplever utgangspunktet for omsorg som omsorg (Tholin, 2013, s. 19). Omsorgssvikt vert derimot skildra av Kari Killén slik:

Det dreier seg om lidelser, mangler og savn hos et stort antall forsvarsløse barn. Det dreier seg også om opplevelse av nederlag, tilkortkommenhet, frustrasjon og håpløshet hos de voksne i foreldrerollen, hos de voksne i familiens nettverk og også ofte hos de profesjonelle. Omsorgssvikt er et sammensatte, mangefasettert og alltid smertefullt fenomen (Killén, 2015, s. 35).

Barne- ungdoms- og familiedirektoratet, forkorta BUFDIR, seier at omsorgssvikt er ei manglande evne eller vilje hos omsorgspersonane til å møta barnet sine grunnleggjande fysiske, emosjonelle og psykiske behov. Dei påpeikar at den manglande omsorga kan ha stor og alvorleg påverkjingskraft på barnet si helse og utvikling (BUFDIR, 2018). Espen Lilleberg og Therese Rieber-Mohn seier at «det å vokse opp med omsorgssvikt er tap av barndom» (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s. 36). Barna mister dei verdifulle stundene i barndommen som ein tenkjer tilbake på som vaksen. Mange barn som opplever omsorgssvikt, lever i redsla og frykt for kva som vil skje til dømes når barnet kjem heim frå barnehagen den dagen (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s. 37).

3.3 Ulike former for omsorgssvikt

Killen (2017) nemner at det er 4 hovudtypar av omsorgssvikt, og det er desse fire vi vil utdjupa nærare her. Dei fire hovudtypane er: barn som vert utsett for vanskjøtsel, barn som vert utsett for fysiske overgrep, barn som vert utsett for psykiske overgrep og barn som vert utsett for seksuelle overgrep (Killén, 2017, s. 57)

3.3.1 Barn som vert utsett for vanskjøtsel

Vi kan lesa at omgrepet vanskjøtsel har vore vanleg å bruka om barn som manglar eller har hol i den fysiske omsorga, men vanskjøtsel handlar også om mangel på dei sosiale, emosjonelle og kognitive behova hos barnet. Barn som vert utsett for vanskjøtsel har foreldre som ikkje er kjenslemessig til stadest (Killén, 2015, s. 40). Teikn på vanskjøtsel kan vera at barnet luktar vondt, er skittent eller at det er dårleg stelt. Eit barn på eitt år kan fungera som ein 6 månadar gamal baby som ikkje utviklar lydar og ikkje kan melda sine behov. Andre ytre teikn på vanskjøtsel kan vera store og alvorlege bleieutslett, og bleieutsletta kan verta så aggressive at barnet mister hud, i verste fall er barnet hudlaus heilt opp til navlen. Dersom barn som vert utsett for vanskjøtsel vert lagt inn på sjukehus eller plassert i beredskaps- eller fosterheim, kan barnet koma seg ganske raskt igjen fysisk og ofte også psykisk. Situasjonen kan derimot vera ein heilt anna dersom det tar lengre tid før omsorgssituasjonen vert endra. Barnet kjem seg ofte fysisk, men ikkje like lett psykisk i slike situasjonar (Killén, 2015, s. 41-42).

3.3.2 Barn som vert utsett for fysiske overgrep

Killén skriv at «barn som blir utsatt for fysiske overgrep omfattar barn som blir skadet enten ved aktiv handling eller manglande tilsyn». Teikn på fysiske overgrep hos barn kan til dømes vera blåmerker etter slag eller klyp, og ryggen, låra og armane er typiske stader ein kan sjå

blåmerker etter fysiske overgrep. Ofte kan desse blåmerka minna mykje om naturlege blåmerker som barn får i lek og aktivitet. Slag og kraftig risting av barn kan føra til alvorlege hjerneskadar og bløding på hjernehinna, som ikkje alltid er så lett å sjå sidan skadane ikkje alltid er synlege utanfrå. Eit døme som Killén nemner her, er barn som gjentekne gongar vert slått eller får hovudet slått ned i bordet fordi at barnet ikkje sluttar å grina (Killén, 2015, s. 44).

3.3.3 Barn som vert utsett for psykiske overgrep

Psykiske overgrep er ei haldning eller veremåte hos foreldra eller ein annan omsorgsgjevar, som øydelegg eller forhindrar at barnet utviklar eit positivt sjølvbilete. Barnet lever heile tida med ei bekymring om foreldra er i stand til å ta vare på og beskytta både barnet og seg sjølv. Dei påførte skadane etter psykiske overgrep er innvendige skadar, og kan vera vanskeleg å oppdaga, og kan i følgje Killén vera meir øydeleggjande enn andre typar overgrep. Etterkvart vil teikna og signala på dei psykiske overgrepa verta meir synlege, og også lettare å oppdaga (Killén, 2017, s. 69).

Barn som vert oppfatta annleis enn dei er, er ei av gruppene Killén meiner ein må vera ekstra merksam på når det kjem til psykiske overgrep. Barn som vert oppfatta annleis enn dei eigentleg er, vert ofte tillagt negative eigenskapar og vert ofte avvist, og sit kanskje igjen med ein tanke om at dei har gjort noko gale eller at dei er dumme. Barna kan også verta utsett for straff eller få trugslar om at tilknytingspersonen vil forlata barnet eller senda barnet bort. Trugslane, hard og rigid disiplin kan føra til at barnet utviklar angst og aggresjon i redsle for å mista ein eller fleire tilknytingspersonar (Killén, 2017, s. 70).

3.3.4 Barn som vert utsett for seksuelle overgrep

Barn som vert utsett for seksuelle overgrep vert utsett for seksuell aktivitet av omsorgspersonar som barnet verken er emosjonelt, seksuelt eller utviklingsmessig moden for. (Killén, 2015, s. 61). Øyvind Kvello sin definisjon på seksuelle overgrep er slik: «seksuelle overgrep er alle handlinger som tydelig krenker deres seksuelle integritet, og er upassende seksuell kontakt» (Kvello, 2015, s. 275). Barnet vert ofte pressa inn i overgrepssituasjonar, dette kan skje i form av å gje barnet påskjøning eller trugslar. Seksuelle overgrep vert ofte presentert som noko spesielt og ein «hemmeleg lek» som barnet er heldig å få ta del i. Barn skjønar ofte ikkje kva som går føre seg, men når dei får veta at leiken er «hemmeleg», kan dei fatta mistanke om at noko er gale. Killén viser til straffelova som skriv at seksuelle overgrep kan delast inn i tre kategoriar. Den fyrste kategorien omfattar all form for gjennomtrenging

blant anna i vagina og anus, den andre kategorien omfattar masturbasjon, alle former for kjæling og kyssing, medan den tredje kategorien omfattar den ikkje-fysiske kontakten, som all form for kikking, til dømes ved at gjerningspersonen viser fram sin kropp eller viser pornografi til barnet (Killen, 2015, s. 62).

Seksuelle overgrep kan føra til skadar i underlivet, særleg hos små barn. Barn som vert utsett for seksuelle overgrep slit ofte i lang tid med traumer, og desse traumene kan forsterkast ved ustabile forhold, isolerte forhold eller forhold som er prega av vanskjøtsel, seier Killén. Barna som vert utsette for seksuelle overgrep kan visa dette på ulike måtar, som til dømes å gje uttrykk for det i leik, i form av teikningar eller samtalar. I leik kan barnet enten snakka om det som har skjedd, be barnehagelæraren leika «slik som pappa gjer» eller barnet kan sjølv demonstrera kva som vert gjort av pappa dersom barnet vert spurd om det (Killén, 2015, s. 63). Barn kan vera utsett for seksuelle overgrep utan å visa spesifikke teikn eller reaksjonar på det. Barnet sine åtferdsendingar, eller det barn seier, kan gjera at vi som barnehagelærarar kan kjenna på ei bekymring. Barn som er utsett for seksuelle overgrep kan klaga over sårheit eller at dei har vondt i underlivet.

3.4 Avdekking av omsorgsvikt

3.4.1 Den rare magekjensla og uroa

Uro eller dårleg magekjensle er ofte noko av det fyrste ein barnehagetilsett kjenner på når det er mistanke om bekymring i forhold til omsorgssituasjonen til eit barn (Emilsen & Walsøe Lehn, 2020, s. 141). Emilsen og Walsøe Lehn skil her mellom to hovudtypar av bekymring, openberre bekymringar og gråsonebekymringar. Openberre bekymringar vert definert slik: «en åpenbar bekymring opplevs som akutt, og det er tydelig at den utløser opplysningsplikt til barnevernstjenesten». Den andre hovudtypen av bekymringar vert definert slik: «ved en gråsonebekymring er de ansatte usikre hvor alvorlig bekymringen er. De bruker lengre tid på å avdekke hva det er som skaper bekymring, og er usikre på om bekymringen utløser opplysningsplikt til barnevernstjenesten». I situasjonar der ein kjenner på uro, er det viktig at ein set ord på uroa og snakkar om det saman med ein kollega, og avgjer om det er alvorleg nok til å arbeida vidare med (Emilsen & Walsøe Lehn, 2020, s. 142).

3.4.2 Teikn og signal ved omsorgssvikt som kan gi grunn til bekymring

Når ein møter eit barn i barnehagen som ein oppfattar som bekymringsfullt, er det viktig at vi møter barnet der det er. Vi skal ikkje trekka konklusjonar om årsak, men få på plass dei rette

instansane som kan vurdera og konkludera med kva hjelp og tiltak ein skal setja i gong (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s. 18-19).

Barn som er utsett for omsorgssvikt av ulik grad, kan visa dette i form av fysisk utagerande åtferd, til dømes ved at dei bit eller slår andre barn eller vaksne. Barn som er urolege og utagerande kan verta avvist av andre barn. Åtferdsendingar hos barn kan verta forstått på ulike måtar, og ein vil aldri vera heilt sikker på årsaka til barns åtferd utan hjelp av andre sakkunnige. Lilleberg og Rieber-Mohn skriv at ein skal vera forsiktig med å sjå etter «bevis» på omsorgssvikt hos barn, i tilfelle der det er bekymring rundt eit barn, er det behov for kartlegging og vurdering frå andre instansar enn barnehagen. For ein som jobbar i barnehagen bør hovudfokuset vera på å observera barns åtferd, samhandlingar og forklaringar, noko som kan bidra til at barnet får den hjelpa det har behov for så tidleg som mogleg (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s. 21).

3.5 Barnehagelærar si kompetanse i arbeidet med omsorgssvikt

3.5.1 Hindringar og mogleheiter i arbeidet

Gjennom førskulelærerutdanninga, som no heiter barnehagelærerutdanninga, har barnehagelærarar og pedagogar fått kompetanse når det kjem til normalutvikling hos barn, samstundes som dei har fått kompetanse om kva som ikkje vert rekna som normalutvikling, til dømes observasjon av barnet si utvikling, korleis det fungerer og barn si åtferd (Claussen, 2010, s. 18).

I følgje Kari Emilsen og Åse Bratterud kan det vera hindringar i barnehagen som følgje av manglande kompetanse blant dei tilsette. Emilsen og Bratterud (2011) skriv også om dei individuelle og personlege hindringane, som handlar om eins eigen usikkerheit og bekymring om ein kan vera til hjelp (Emilsen & Bratterud, 2011, sitert i Emilsen & Bratterud, 2020, s. 69). Kari Gamst og Åse Langballe stiller spørsmål om vaksne eigentleg vågar å lytta til barn, og både i barnehageforskning og i praksisfeltet brukar fagfolk arbeidsmetodar der dei har ein tendens til å unngå barnet ved å ikkje henta informasjon frå barnet. Den vaksne vert intervjuja og barnet vert observert, medan barnet i alt for liten grad får fortelja om si eiga oppleving av situasjonen. Dei to hevdar at vaksne unngår å spør barn, fordi dei vaksne er redd dei ikkje skal verta teke på alvor dersom dei refererer til barns eigne utsegn (Gamst & Langballe, 2010, s. 90-92).

I barnehagane jobbar det mange utan noko form for pedagogisk utdanning, og difor er det viktig at ein er sikker på at alle har kompetanse nok om vald, seksuelle overgrep og

omsorgssvikt generelt. I 2017 publiserte Kunnskapsdepartementet ein ny og revidert opptrappingsplan mot vald og overgrep som skulle syta for at barnehagepersonalet sin kunnskap om vald og overgrep vart styrka, tidlegare var ikkje vald og overgrep spesifikt nemnt i kompetansestrategien for dei tilsette i barnehagen (NOU 2017: 12, s. 69-70).

Emilsen og Bratterud (2011) skriv at barnehagepersonalet opplever uvisse knytt til det å veta når dei skal senda bekymringsmelding til barnevernet. Dei etiske vurderingane, kva som er til barnet sitt beste og redsla for å ta feil i sine mistankar om eit barn vert utsett for omsorgssvikt, og det å samarbeida med barnevernstenesta er nokre av bekymringane til barnehagepersonalet. Det kan og ofte vera uvisse knytt til korleis ein skal snakka med barn og foreldre om bekymringane (Emilsen & Bratterud, sitert i Emilsen & Bratterud 2020, s. 67). Ein barnehagelærer beskriv det slik:

Vi føler frykt for konsekvensene dersom antakelsene ikke stemmer. Hva om vi tar feil? Det er mye usikkerhet rundt hvordan en melding vil påvirke barnehagen og samarbeidet knyttet til barnets beste. Usikker på om det fører til barnets beste. Tror at mange er redde for at de går inn på et område som de ikke vet nok om, og vi håper at eventuelle problemer løser seg selv. Vi er også bekymret for hvordan foreldre reagerer. Det er vi som ser dem hver dag. Mangel på kunnskap om hva barnevernstjenesten er, og hva de kan hjelpe med, gjør at mange kvier seg ekstra. (Emilsen & Bratterud, 2020, s. 68).

Styrrar eller kollegaer på same avdeling kan vera viktige informasjonskjelder dersom ein skal innhenta informasjon eller opplysingar om eit barn. Claussen skriv at utsegn og meiningar frå kollegaer ikkje er til verdi dersom dei ikkje kan konkretiserast, til dømes svar som: eg har inntrykk av....., eg føler..., eller eg har høyrte. Dersom ikkje kollegaene spesifiserer og konkretiserer sine inntrykk, bør vi sjå vekk frå dei i og med at det kan vera "skummelt" å få for mange meiningar og synsingar (Claussen, 2010, s. 28).

3.6 Samarbeid med foreldre

Ein barnehagelærer står i ein sterk posisjon i forhold til å rettleia og gje råd til foreldre, då er det viktig å avklara kva foreldra kan forventast av deg som barnehagelærer, altså at roller og relasjonar er avklart på førehand (Glaser, 2018, s. 68). Ved mindre saker om ikkje handlar om fysisk og seksuelle overgrep, kan ein gå i dialog med foreldra. Barnehagelova seier at ein skal melda frå til barnevernet dersom det er grunn til bekymring og mistanke om ein eller anna form for svikt i den daglege omsorga. Det skal meldast frå når det er grunn til å tru at eit barn

vil bli eller vert mishandla eller utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga, og her skal ikkje teieplikta vera til hinder (Barnehagelova, 2005, § 22).

For at ein skal kunna gjera noko med omsorgssviktsituasjonen, inneber det at foreldra klarar å erkjenna at dei utset barnet for omsorgssvikt, som til dømes vanskjøtsel, og dei må kunna sjå at dei set barna i ein dårleg situasjon og at dei sjølv står ansvarleg for dette. Dei må erkjenna at det er eit problem, og sjå seg villig til å gjera noko med det (Killén, 2015, s. 198). Den daglege dialogen med foreldra bidreg til god kvalitet for det einskilde barnet i barnehagen. Barnehagen er avhengig av både å få informasjon om barna frå foreldra, men også vidareformidla informasjon om barnet sin trivsel i barnehagen til foreldra. Det er viktig å halda god kontakt med foreldra, spesielt viktig er det kanskje når det gjeld dei yngste barna (Killén, 2017, s. 177). Dei fleste foreldre er interessert i å snakka om barnet sitt, og kva som er viktig for barnet, dersom ein gjev dei høve og rom for det. Foreldre vil ofte kunna fortelja korleis barnet er heime, då kan dei blant anna få fram barnet sine behov og interesser. Det kan også vera vanskeleg å få foreldra i tale, mellom anna i tilfelle der foreldra har det travelt i bringe- og hentesituasjonen, noko som kan føra til at dei tilsette i barnehagen ikkje rekk å snakka med dei. Det at foreldra er så travle, kan føra til bekymring hos dei tilsette. I slike tilfelle, må barnehagelærar aktivt prøva å få meir kontakt med foreldra (Killén, 2017, s. 178).

3.6.1 Foreldre i omsorgssviktsituasjonar

Killén seier at det kan visa seg at foreldre som har vakse opp i skremmande og valdelege omgjevnadar, og familiar der det har vore omsorgssvikt, overfører si frykt og sviktande omsorg til sine barn (Killén, 2004, sitert i Killén, 2015, s. 171). Å vera «gode nok» foreldre krev at ein kan gje barna behovet dei har for kjærleik, omsorg, tryggleik og ei trygg tilknytning (Killén, 2015, s. 172). Killén beskriv det ho kallar for apatisk oppgitte foreldre, som foreldre som tenkjer at ingenting er verdt å gjera, retta merksemda mot eller engasjera seg i, og dei legg sjeldan noko målretta plan for dagen. Dersom foreldra vert skildra som apatisk oppgitte, kan det føra til at barnet blir utsett for: «Illeluktende bleier og skittentøy, mangel på mat og tøy til barnet, trusler om utkasting- ingenting av dette synes å oppta dem- i hvertfall ikke i tilstrekkelig grad til at de gjør noe med det» (Killén, 2015, s. 179).

4. Metode

I denne delen vil vi presentera kva metode vi har valt å bruka for å svara på problemstillinga: *“kva teikn og signal kan barnehagelæraren sjå etter ved mistanke om omsorgssvikt, og korleis går barnehagelæraren fram i omsorgssviktsituasjonar?”*. I informasjonsbrevet (vedlegg 1) står problemstillinga formulert på ein litt anna måte, dette då vi endra denne i etterkant av intervju. Vi kjem til å presentera kort både kvalitativ og kvantitativ metode, med hovudfokus på metoden som er relevant i oppgåva vår.

4.1 Kvalitativt og kvantitativ metode

Metode tyder det å følgja ein bestemt veg for å nå eit mål. Den samfunnsvitskaplege metoden handlar om korleis ein går fram for å henta informasjon om den sosiale røynda, korleis ein skal analysa denne informasjonen, og kva den fortel oss om dei samfunnsmessige forholda og prosessane (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 16). Det er ofte vanleg å skilja mellom kvantitativ og kvalitativ metode, to ulike måtar å henta inn informasjon på. Kvantitativ metode er basert på tal og statistikk, medan kvalitativ metode er basert på ord og tekstar (Jacobsen & Postholm, 2011, s. 41). I kvantitativ metode brukar ein gjerne spørjeskjema, medan i kvalitativ metode vert det brukt intervju slik vi har valt. Skiljet mellom kvalitativ og kvantitativ metode er i følgje Jacobsen og Postholm ikkje så tydeleg som ein skulle tru. Desse metodane vert ofte blanda, til dømes kan spørjeskjema ha opne spørsmål der informantane får svart med eigne ord i staden for avkryssing, og intervju som i utgangspunktet er opne, kan også innehalda nokre lukka spørsmål (Jacobsen & Postholm, 2011, s. 42). Med den opne metoden for datainnsamling kan ein få meir forståing og djupnekunnskap, medan den strukturerte metoden der spørsmåla er lukka med ja/nei spørsmål, gjev breiddekunnskap (Jacobsen & Postholm, 2011, s. 87). I intervju har vi fokusert på kva erfaringar informantane har, og vi ynskjer svar på kva teikn og signal frå barn som vekkjer mistanke om omsorgssvikt, når barnehagen ser behovet for å trekkja inn barnevernet, og kva kompetanse barnehagelærarane har om dette.

4.2 Kvalitativt intervju

Kvalitative intervju er ein fleksibel metode for å få fyldige svar og detaljerte skildringar rundt eit tema (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 77). For å få kunnskap om korleis barnehagelærar jobbar med omsorgssvikt i barnehagen, valde vi ein kvalitativ studie der vi utførte tre kvalitative intervju. Ved å snakka med barnehagelærarane, kan vi få gode samtalar rundt tema, i tillegg til at vi kan få eit innblikk i kva, korleis og når hendingar dei fortel om

har oppstått, og kva informantane tenkjer og føler om dette. Denne metoden passar godt då vi er ute etter djupnekunnskap om tema omsorgssvikt og teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt. Vi får også eit innblikk i korleis ting fungerer i forhold til kva reglar og rutinar barnehagen har.

Ein kan bruka kvalitativ metode når ein vil henta inn informasjon om eit tema der menneske sine erfaringar og opplevingar er viktig å få fram. Det er viktig å ha opne spørsmål, slik at informanten kan fortelje sine forteljingar om hendingar og situasjonar som har skjedd. Med dette får ein meir informasjon og nyansar i intervjuet (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 78). Gjennomføringa av eit kvalitativt intervju kan gjerast ved at ein lagar spørsmål på førehand, og ein stiller spørsmåla munnleg til dei som blir intervjua. Samtalen kan gi oss eit djupare innblikk i temaet, gjerne gjennom forteljingar og historiar, i tillegg til at samtalen vert meir ein dialog enn reine spørsmål og svar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 77). Vi laga ein intervjuguide på førehand der vi skreiv ned alle spørsmåla vi ville stilla i intervjuet og sende det til informantane på førehand. Vi valde å ha opne spørsmål i intervjuguiden, slik at informantane kunne svara fritt i forhold til kva dei meinte er viktig informasjon (vedlegg 2). Med opne spørsmål til informanten, kan vi få utvida svar, i tillegg til at intervjuar ikkje styrer svara på same måte som om vi hadde hatt lukka spørsmål med ja/nei svar. Når ein har fleire intervjuobjekt rundt same tema, er det viktig å ta utgangspunkt i dei same spørsmåla for enklast å samanlikna svara i etterkant. Vi har nytta oss av det som vert kalla eit semistrukturert intervju. Eit semistrukturert intervju vil seia at ein har ein intervjuguide som utgangspunkt for intervjuet, medan spørsmål, tema og rekkjefølgje på spørsmåla kan variera (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 79). Vi har laga eit informasjonsbrev til informantane saman med spørsmåla vi sende på førehand (vedlegg 1).

Omsorgssvikt i barnehagen kan opplevast som eit vanskeleg tema. Ved å gje informantane spørsmåla på førehand, kunne dei få tenkja gjennom svara sine i forkant av intervjuet. Dette håpte vi kunne føra til å tryggje informantane rundt det vi ville spørja om, i tillegg til at vi truleg får utfyllande svar rundt spørsmåla. Vi har valt denne metoden då den gjev oss opne svar, i tillegg til at denne metoden opnar for at informantane delar nokre sjølvopplevde hendingar og erfaringar. Saker rundt omsorgssvikt er ulike, signal og teikn frå barn kan variera, noko som tilseier at vi ikkje hadde fått gode data til oppgåva vår ved å nytta kvantitativ metode med lukka spørsmål.

4.3 Utval

For å få tak i informantar, sende vi fyrst ei tekstmelding til eit utval for å høyra om dei var interessert i å delta i studien. Ved val av informantar, gjorde vi det på eit *kriteriebasert grunnlag* (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 51), der kriteriet var at informantane var utdanna barnehagelærarar. Valet fall på tre kvinner, alle barnehagelærarar, som vi kjende og som vi visste hadde lang erfaring frå barnehage. At informantane våre vart tre kvinner, var tilfeldig. Informantane våre har fått fiktive namn, informant 1 har vi valt å kalla «Anna», informant 2 har vi kalla «Janne» og informant 3 har vi kalla «Elisabeth». Fyrst snakka vi litt om bakgrunnen til dei tre informantane våre (vedlegg 2).

Anna kunne fortelja at ho hadde 25 års erfaring frå barnehageyrket, ho jobbar no med ei førskulegruppe. Tidlegare har ho også jobba på småbarnsavdeling, men mest på storbarnsavdeling med barn 3-6 år. Ho har ein bachelor på førskulelærerutdanninga, som no heiter barnehagelærerutdanninga. Ho har teke kurs i korleis samspelet med personalet best kan ivaretakast, og ho har vidareutdanning i tidleg tilknytning og førebyggjande arbeid.

Informant 2, Janne, har jobba som styrar i ein barnehage i fire og eit halvt år. Ho har gått førskulelærerutdanninga, i tillegg til at ho har vidareutdanning i rettleiing, organisasjon og leiing.

Informant 3, Elisabeth, har førskulelærerutdanning og har 18 års erfaring frå barnehage. Elisabeth fortalde at ho har jobba både på småbarnsavdeling, storbarnsavdeling og blanda avdeling, men for augneblinken jobbar ho på småbarnsavdeling.

4.4 Gjennomføring av intervju

Grunna Covid-19 kunne vi ikkje gjennomføra fysiske intervju, difor ringde vi informantane våre via Teams for å gjennomføra intervjua. Nettbasert intervju vert litt annleis enn ved at alle sit i same rom, men for oss fungerte det fint. Ved nettbasert video-intervju får ein ikkje med seg kroppsspråket til intervjuobjektet på same måte som dersom ein sit i same rom, men ansiktsuttrykka til intervjuobjekta får vi likevel med. Det er viktig å ta notat undervegs i intervjuet for å kunne dokumentera resultatane best mogleg i etterkant (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 84). Det gjekk greitt å skriva undervegs, men skribenten vart sitjande å notera under heile intervjuet og hadde ikkje så mykje kontakt med informanten. Vi hadde bestemt oss på førehand kven som skulle notera og kven som skulle stilla spørsmåla. Det fungerte fint at ein av oss stilte spørsmål og den andre noterte, men som skrivar var det litt vanskeleg å få med seg alt som vart sagt. Noko av informasjonen noterte vi med stikkord, og

reinskreiv notatet i etterkant. Den som intervjuja hadde sett seg godt inn i spørsmåla på førehand, og synest sjølve gjennomføringa gjekk fint. Vi stilte dei spørsmåla vi hadde skrive ned i intervjuguiden på førehand, og gjekk ikkje utanfor desse (vedlegg 2), dette fordi vi følte vi fekk tilstrekkeleg med informasjon.

Då vi byrja å drøfta funna saman med teorien og problemstillinga vår i etterkant, såg vi at det var fleire spørsmål som vi burde ha stilt til informantane, til dømes korleis dei jobbar med barna som var utsett for omsorgssvikt, om magekjensla og vegen vidare frå uroa meldte seg hos barnehagelæraren.

4.5 Transkribering og analyse av intervju

Transkribering handlar om å transformera det munnlege over til det skriftelege. Ein vil prøva å få intervjuet så ordrett som mogeleg, men dette er ikkje alltid enkelt (Kvale, 2015, s. 205). Ved å dela intervjuteksten opp, er det lettare å kunna forstå heilskapen i teksten. Teksten kan delast opp i mindre delar, etter tema eller opplevingar, og må deretter setjast saman til ein heilskap (Jacobsen & Postholm, 2011, s. 102). Ein må kunne gje intervjuet ei god meining som kan forståast og tolkast. Det betyr at vi som lærer meir om dette temaet, legg til andre meiningar og synspunkt. Dette betyr ikkje nødvendigvis at vi må ha ei subjektiv tolking, men at ein dreg inn teoretiske perspektiv (Jacobsen & Postholm, 2011, s. 103). Vi valde å dela inn analysen av intervjuet i tre hovuddelar: “kompetanse om omsorgssvikt”, “teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt” og “korleis samarbeida med foreldre og barnevernet”. Etter vi hadde reinskrive intervjuja, brukte vi tre ulike fargar, ein for kvar kategori, og markerte alt som hørde til under kvar kategori med tilhøyrande fargar. Dette gjorde det enklare å setja saman funna i etterkant.

4.6 Etiske omsyn

Det er forskningsetiske retningslinjer som viser til at den som blir intervjuja må syns det er greitt å delta og ikkje kjenna seg tvungen til å delta, informanten har rett og lov til å trekkja seg frå intervju om ho eller han ønsker dette (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 41). Ingen av informantane skal tvingast til å gjennomføra eit intervju, dette er sjølvvalt (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 74). Vi har lagt vekt på dei etiske perspektiva, ettersom vi fyrst sende ei tekstmelding der vi spurde om dei var interesserte i å delta på intervjuet, og om dei var viljuge til å delta. Vidare sendte vi eit informasjonsbrev med litt meir informasjon om deltakinga i studien og kva som var målet vårt (vedlegg 1). Vi informerte om at det var friviljug å vera med i studiet. Intervjuguiden (vedlegg 2) vart sendt

saman med informasjonsbrevet. Vi informerte informantane om at intervjuet vart anonymisert, dette ved å gje dei fiktive namn, at spesifikke stadnamn og barnehagar ikkje ville kunne kjennast igjen.

4.7 Validitet og reliabilitet

Validitet seier noko om kor gyldig informasjonen vi får inn gjennom intervjuet er. Reliabilitet seier noko om kor truverdig og påliteleg undersøkinga er (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 23-24). Det er ikkje mogleg å beskrive heile sanninga frå eitt synspunkt, skal ein ha noko som er tilnærma heile sanninga må ein få høyre fleire sider. Det finnes ikkje ein eintydig kvalitetsstandard for kva som er bra og dårleg arbeid gjennom intervju, difor må ein reflektera over styrker og svakheiter. Det er viktig at ein kan diskutera og reflektera kritisk over arbeidet ein har utført (Jacobsen & Postholm, 2011, s. 126). Svakheita i våre intervju er at vi kan ikkje seia at dette er opplevingar og erfaringar som gjeld alle barnehagelærarar. Utvalet vårt er lite, då vi gjennomførte intervju med tre informantar. Styrken er at vi då fekk djupnekunnskap om korleis tre barnehagelærarar jobbar for å oppdaga omsorgssvikt og kva tiltak dei gjer. Vi kan såleis anta at deira opplevingar og erfaringar er valide i denne konteksten, og vi kan seia at funna er pålitelege (Jacobsen & Postholm, 2011, s. 126).

5. Resultat

I denne delen vil vi presentera resultatata som har kome fram i forskingsintervjua. Vi har valt å dela resultatata inn i tre hovudkategoriar: kompetanse om omsorgssvikt, teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt, og samarbeid med foreldre og barnevernstenesta.

5.1 Kompetanse om omsorgssvikt

5.1.1 Omgrepet omsorgssvikt

Funna frå intervju med «Anna», «Janne» og «Elisabeth» viser at dei alle har forståing for og kompetanse knytt til omgrepet omsorgssvikt.

Då vi spurde informantane våre om kva assosiasjonar dei får når dei høyrer omgrepet omsorgssvikt og korleis dei vil definera omgrepet, fortel alle tre informantane at omsorgssvikt handlar om at foreldra ikkje er gode nok omsorgspersonar for barna sine, og at dei utset barn for alvorlege og kritiske situasjonar i kvardagen. Janne sa at når ho tenkte på omgrepet omsorgssvikt så var det *«foreldre som ikkje klarar å ivareta dei daglege behova til barna, eller foreldre som utøver vald eller misbruker barna på andre måtar»*. Elisabeth sitt svar var *«det er i hovudsak barn som ikkje har det trygt og godt hos foreldra sine, og det kan vera tilfella der barn vert utsett for vald eller seksuelle overgrep»*. I tillegg til dette fortel Anna at omsorgssvikt også inneber situasjonar der barnehagelærar må samarbeida med barnevernet dersom barn skal ivaretakast. Vi ser her at det var stor semje i forståinga av at omsorgssvikt er når barn ikkje får dekt dei grunnleggjande behova sine, eller vert utsett for vald, misbruk eller seksuelle overgrep.

5.1.2 Kompetansen til barnehagelærarane og i personalgruppa

Vi spurde informantane våre korleis dei opplever både sin eigen kompetanse rundt det å oppdaga teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt, og korleis dei opplever kompetansen rundt dette i personalgruppa. Anna og Janne kunne fortelja at kompetansen og kunnskapen i personalgruppa var grei, men la vekt på at ein aldri kan verta gode nok, og lærer heile tida. Anna nemnde også noko om normalutviklinga hos barn, og sa at *«vi må ikkje tru at det nødvendigvis er snakk om at eit barn er eller har vore utsett for seksuelle overgrep sjølv om barnet viser stor interesse for sin eigen og andre sin kropp, men at ein og må hugsa på at det er normalt at barn utviklar nysgjerrigheit til kroppen i barnehagealder»*. Ho sa og at barn som er utsett for omsorgssvikt ofte kan verta veldig redd for mørket, men at ein og må

hugsa på at barn normalt kan vera mørkredde utan at det er noko forklaring på det. Ho fortel vidare at barnet går gjennom mange endringar og at det skjer mykje utvikling, og at det dermed kan vera vanskeleg å skilja mellom normalutviklinga og omsorgssvikt hos barn.

Janne fekk spørsmålet om korleis ho vil vurdere sin eigen kompetanse når det gjeld teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt, og ho meinte at ho sjølv har god teorikunnskap, men påpeikte også at ein aldri kan verta gode nok. Elisabeth sa at det å kjenna barna godt kan vera til god hjelp når ein er bekymra for eit barn og mistenkjer at noko er gale. *«Dersom vi kjenner barna godt, vil vi kanskje lettare kunna sjå om noko er som det ikkje skal»*, sa Elisabeth. Ho sa også at dersom ho har ein mistanke om at noko er gale, vil ho snakka med kollegaene om det, og kanskje kjem det då fram at fleire kjenner på mistanken om at noko er gale med same barn.

5.1.3 Opplæring i personalgruppa

Alle barnehagelærarane sa at dei jobbar godt med temaet omsorgssvikt i personalgruppa, men to av barnehagelærarane påpeikte og at kompetansen aldri kan verta god nok, til dømes sa Elisabeth at *«den kan aldri bli for god, og ein kan alltid læra noko meir»*. Anna fortalde at personalet ofte deltek på kurs og jobbar med temaet i barnehagen, og sa:

«Vi deltek på ei rekkje kurs på planleggingsdagar, der omsorgssvikt har vore hovudtemaet. Vi jobbar også med temaet i barnehagen, der vi blant anna snakkar om rusmisbruk og fysisk og psykisk misbruk, korleis vi i barnehagen jobbar mot å forebygga omsorgssvikt og korleis vi kan bidra til at barna utviklar seg i ein positiv retning. Barna skal til dømes ikkje kjenna på skam over kroppen sin, men dei skal få utvikla normal nysgjerrigheit rundt eigen kropp».

Janne er ei av dei to som sa at kompetansen rundt temaet omsorgssvikt, og då spesielt teikn og signal som kan føra til mistanke om at noko er gale, er noko alle i personalgruppa kan verta betre på. Ho presiserte samstundes at alle i personalgruppa er godt informert om både teieplikta og meldeplikta, og sa at *«etter temadagar eller planleggingsdagar der vi har omsorgssvikt som tema, jobbar vi alltid med temaet avdelingsvis etterpå, og då er det alltid den pedagogiske leiaren som har ansvaret for at det vert jobba med»*. Elisabeth fortalde også at kompetansen i personalgruppa aldri kan verta god nok, og sa samstundes at omsorgssvikt er eit vanskeleg tema, og at det er vanskeleg å seie kva kompetanse som skal til for å oppdaga dei ulike typane omsorgssvikt.

5.2 Teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt

Vidare i intervjuet spurde vi informantane meir konkret om kva teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt. Fyrst spurde vi kva Anna hadde å seie her, og ho fortalde at det varierer veldig alt etter barn og situasjon, og at ein kan sjå tydelege teikn hos nokre barn, medan hos andre er det ikkje så enkelt å leggja merke til. Ho fortalde at endringane ein kan sjå hos barna skjer ofte over kort tid, og her trakk ho fram at barna enten kan verta svært klengete eller tilbaketrekte. Anna fortalde og at *«barn kan og utvikla autistiske trekk på grunn av at dei har foreldre som er mykje rusa, eller at barna vert utsett for psykiske, fysiske eller seksuelle overgrep»*.

Janne og Elisabeth la spesielt vekt på at drastisk endring i åtferda hos barnet kan vera eit teikn på omsorgssvikt. Janne kunne og fortelja oss at ho har opplevd at dei får mistanke om at noko er gale med omsorgssituasjonen gjennom å tolka barneteikningar. Begge dei to sa også at gjentekne blåmerke kan vera eit teikn. Elisabeth kunne og fortelja at barn som vert utsette for omsorgssvikt ofte viser at dei er utrygge, og at dei ofte beskyttar kjønnsorgana sine ved stell eller klesbyte. Ho fortalde også at barn utsett for omsorgssvikt fort kan verta redde og bekymra, men sa at *«det er ingen faste teikn og signal på omsorgssvikt frå heimen, i og med at sakene er så ulike»*. Elisabeth fortalde også at barn utsett for omsorgssvikt ofte vert redde for alt, og fortel at dei kan opptre med eit veldig «lukka» kroppsspråk.

5.2.1 Korleis går barnehagelæraren fram når det er mistanke om omsorgssvikt?

Under dette spørsmålet fortalde ikkje alle informantane heilt konkret korleis dei går fram når dei har mistanke om omsorgssvikt, frå magekjensla oppstår til det vert satt i gang handling. Derimot har dette spørsmålet vist korleis Anna har erfart og opplevd å stå i omsorgssviktsituasjonar, medan dei to andre fortalde noko om sine tankar om korleis dei vil gå fram. Anna fortalde ei praksisforteljing som forklarar både erfaringar og litt av prosessen om korleis ho som barnehagelærer vil gå fram dersom ho har mistanke om omsorgssvikt. Anna fortalde:

«Dette var ein familie der mor elska sine barn veldig høgt, men greidde ikkje å ta vare på dei på den «rette måten». Barna vart utsett for mykje fare, dei vart blant anna henta i barnehagen av søster til mor, og denne søstera var funksjonshemma og kunne blant anna ikkje gå ordentleg på grunn av skade i ein fot. Ho kom med spedbarnet i vogn, og hadde til dømes ikkje festa spedbarnet ordentleg der det låg i vogna, og ho humpa ned bakkar og ut på trafikkerte vegar med eit barn i vogn og to barn ved sida av vogna. Barna vart også sette i

vogn utanfor døra og overlatne til seg sjølve, og dei var understimulerte og hadde dårleg hygiene». Anna sa at det vart sendt inn mange bekymringsmeldingar også frå naboar og folk som kjente familien, men fortalde at *«det vart ikkje gjort noko frå barnevernet si side før barnehagen sendte inn bekymringsmelding, så det kan tenkjast at barnehagen har ei sterkare stemme hos barnevernet»*. Anna kunne vidare fortelja at far til barna aldri kom på møter i barnehagen, og det var då barnehagelæraren bestemte seg for å senda ei bekymringsmelding til barnevernet. Mora fekk veta kva som sto i meldinga, og var veldig ueinig i det som sto. *«Vi hadde eit møte med mor om denne meldinga, og vi måtte prøva å halda oss så roleg som mogleg uner dette møtet, men etter møtet gjekk eg og ein kollega inn på kjøkkenet og skalv. Tiltaket som vart sett inn frå barnevernet, var at foreldra skulle gå på foreldreskule og læra litt meir om korleis dei skulle opptre som foreldre, og ei stund etter dette verka det som at ting endra seg litt i familien og barnevernet»*. Ho kunne og fortelja at då barna kom i barnehagen ein dag, fekk ho veta at dei hadde vore ute ein heil dag i solskinn utan at mora hadde smurt dei med solkrem, og då måtte ho som barnehagelærer forklara mora kvifor det var så viktig. Ho la her vekt på at det er viktig med eit godt samarbeid med foreldra og barnevernet, og at det er viktig å behalda roen i situasjonar der ein til dømes har møte med far eller mor om barnet sin omsorgssituasjon.

Janne på si side fortalde at ho fyrst vil vurdera situasjonen i forhold til korleis ho vil gå fram dersom ho har mistanke om omsorgssvikt, og sa *«det kjem heilt an på grad av alvor, har ein til dømes mistanke om vald eller overgrep skal ein ikkje kontakta foreldra»*. Ho fortalde at i barnehagen der ho jobbar har dei god kontakt og samarbeider godt med foreldra, og sa at dei prøver å løysa sakene med foreldra, men om det er snakk om vald og misbruk må dei kontakta barnevernet utan å kontakta foreldra. Elisabeth fortalde om korleis ho ser styrar som ein tenesteveg dersom ho har mistanke om omsorgssvikt, og sa *«det fyrste eg vil gjera er å snakka med styrar, det kan henda at andre også har lagt merke til endra åtferd hos barnet. Vidare må ein kanskje gå i dialog med foreldra og snakka med dei»*.

5.3 Samarbeid med foreldre og barnevernstenesta

Dersom informantane har mistanke om omsorgssvikt, fortalde dei at dei gjer vurderingar ut frå kva dei mistenkjer kan vera grad av omsorgssvikt frå foreldra. Anna fortalde om korleis ho som barnehagelærer samarbeider med foreldra når ho har mistanke om omsorgssvikt, og kunne fortelja at *«når sakene ikkje omhandlar seksuelle eller fysiske overgrep, kan ein ta kontakt med foreldra for å høyra meir om kva som går føre seg»*.

Janne fortalde at ho skaffar seg oversikt over situasjonen ved mistanke om at eit barn er utsett for omsorgssvikt ved at ho fyrst og fremst ser verdien av å kartleggja problemet. Ho fortalde at ho vil vera sikker på korleis ting er, og om det er snakk om småting, tek dei dei det med foreldra der og då og kallar dei inn til eit møte. Ho la vekt på at det er viktig at barnehagelærar eller styrar også kan gi foreldra rettleiing, tips og råd. Ho sa vidare at det det er viktig å møte foreldra der dei er med forståing, og det er også viktig å tydeleggjera kva foreldra kan forventast av deg som barnehagelærar på møtet.

Vi spurte barnehagelærarane vi snakka med kva tid dei ser behovet for å trekkja inn barnevernet, og alle var klar på at dersom det er snakk om til dømes seksuelle og fysiske overgrep, skal ein kontakta barnevernet utan å kontakta foreldra. Janne fortalde at i nokre tilfelle der det er snakk om saker som kan løysast med foreldra, at *«nokre foreldre ber om å få kontakt med barnevernet sjølv, medan det verkar og som at mange ikkje er klar over at barnevernstenesta er eit tilbod som også gir råd og rettleiing»*. Ho fortalde vidare at mange foreldre kan kjenna på frykt og redsle når det vert snakka om barnevernet, fordi deira oppfatning er at barnevernet skal ta barna frå foreldra.

6. Drøfting

I denne delen vil vi drøfta funna frå intervjua i lys av relevant teori og problemstillinga: «kva teikn og signal kan barnehagelæraren sjå etter ved mistanke om omsorgssvikt, og korleis går barnehagelæraren fram i omsorgssviktsituasjonar?». I tillegg vil vi også sjå på foreldresamarbeidet i omsorgssviktsituasjonar, og kvar tid det er behov for å kopla inn barnevernet. Vi har delt drøftingsdelen inn i tre hovudkategoriar: “korleis kan barnehagelærar forstå omgrepet omsorgssvikt ut frå teikn og signal hos barn?”, “korleis er kompetansen i personalgruppa om temaet omsorgssvikt?” og “korleis går barnehagelæraren fram i omsorgssviktsituasjonar?”.

6.1 Korleis kan barnehagelærar forstå omgrepet omsorgssvikt ut frå teikn og signal hos barn?

For at barnehagelærarane skal kunna sjå teikn og signal hos barn som kan ha samanheng med omsorgssvikt, ser vi at det er viktig at dei har kunnskap og kompetanse på området. For å tileigna seg denne kunnskapen og kompetansen, og få forståing rundt temaet omsorgssvikt, er det relevant og naturleg at dei har ei formeining om, og definisjon på, kva omsorgssvikt er.

Omsorg forstått som ein indrestyrt impuls der den vaksne har eit grenselaus ynskje om å ta vare på barnet sitt behov for omsorg, kan vera ein taus sjølvfølge som kjenneteiknar vaksenrolla i barnehagen (Tholin, 2013, s. 17). Når omsorga er drivkrafta, kan det truleg vera utfordrande og smertefullt for barnehagelærar å sjå det motsette, nemleg teikn og signal hos barn som lever i ein situasjon der dei opplever omsorgssvikt. Omsorgssvikt er alvorleg for barnet, og kan medføra alvorlege konsekvensar. I følgje Killén handlar omsorgssvikt om barn som lir, at barn som opplev omsorgssvikt ber preg av sagn eller har ein mangelfull oppvekst. Dessutan påpeikar Killén at omsorgssvikt er manglande evne eller vilje hos omsorgspersonen til å møte og følga opp dei grunnleggjande fysiske, emosjonelle og psykiske behova hos barnet (Killén, 2015, s. 35). I likskap med Killén, viser våre funn at alle dei vi har snakka med synast å meina at omgrepet omsorgssvikt er eit vidt og samansett omgrep.

Barnehagelærarane som vi har snakka med, kan fortelja at omsorgssvikt er når omsorga er delvis til stades eller ikkje til stades i det heile, og foreldra ikkje er gode nok omsorgspersonar for sine barn og utset dei for alvorlege og kritiske hendingar i kvardagen, noko vi kan sjå i samanheng Lilleberg og Rieber-Mohn som skriv at det å veksa opp med omsorgssvikt er tap av barndom (Lilleberg & Rieber-Mohn, 2018, s. 36). Samstundes er det å forstå og oppdaga teikn og signal hos barn som lever under omsorgssvikt, nettopp det

informantane våre er opptekne av. Informantane våre synast å vera opptekne av, og ønskjer å forstå kva barn fortel dei, slik at dei kan avdekkja eventuell omsorgssvikt. I følgje Claussen har alle barnehagelærarar gjennom si utdanning fått ein breiare kompetanse om barnet sin normalutvikling, med tanke på korleis dei fungerer og åtferda dei syner. Denne kompetansen kan vera ei hjelp til å forstå kva teikn og signal ein bør vera på vakt for (Claussen, 2010, s. 18). Samstundes viser funn frå vår undersøking at barnehagelærarane opplever at ulike teikn og signal som barn viser, kan vera samansette og utfordrande å tolka ut frå ei normalutvikling. Anna sitt utsegn kan vera eit døme på dette: *«vi må ikkje tru at det nødvendigvis er snakk om at eit barn er eller har vore utsett for seksuelle overgrep sjølv om barnet viser stor interesse for eigen og andre sin kropp, men at ein og må hugsa på at det er normalt at barn utviklar nysgjerrighet til kroppen i barnehagealder»*. Informantane våre fortalde om ulike former for teikn og signal hos barn, som kan vekke mistanke om omsorgssvikt. Nokre teikn og signal som kan gje mistanke om omsorgssvikt, kan vera det barn sjølv uttaler, meir synlege teikn som blåmerker, endring i åtferd og at barna ikkje får dekt sine daglege behov.

Utsegna frå informantane om at omsorgssvikt er at barn ikkje får dekt sine daglege fysiske, sosiale eller emosjonelle behov, kan vi mellom anna sjå i lys av det vi i teorien vi har lese om barn som vert utsett for vanskjøtsel, som er ein av dei fire hovudtypane av omsorgssvikt (Killén, 2017, s. 57). I følgje Killén handlar vanskjøtsel om mangel på dei sosiale, kognitive og emosjonelle behova hos barn, i tillegg til at foreldra er lite kjenslemessig til stades for barnet (Killén, 2015, s. 40). Vanskjøtsel kan visa seg i form av at barn kan vera skitne, illeluktande og dårleg stelt. Bleieutsletta som kan koma av at barnet går lenge utan å verta stelt og byta bleie på, som kan resultera i at barnet mistar hud, kan og vera eit av teikna som indikerer på vanskjøtsel (Killén, 2015, s. 41-42). Eit barn som vert utsett for vanskjøtsel i tidleg alder, vil merka konsekvensane av det i lang tid etterpå, mellom anna kan dei vera psykisk skada for livet etter å ha oppdaga noko som dette (Killén. 2015, s. 42).

Vidare fortel Anna ei praksisforteljing om ein familie med to barn, der barna vart satt i vogn utanfor døra, og overlaten til seg sjølv, i tillegg til at dei var understimulerte og hadde dårleg hygiene. At barn er understimulerte og har dårleg hygiene kan vera to teikn på vanskjøtsel. I tillegg kan det at søster til mor ofte kom og henta i barnehagen, kanskje vera eit teikn på at noko er gale. Dette kan kanskje tyda på at mor og far her er redde for å verta konfrontert i barnehagen, eller kanskje dei kjenner på ein skuldkjensle på at dei ikkje er gode nok omsorgspersonar for barna og tek avstand frå dei, men på ei annan side kan det sjølv sagt og

vera andre grunnar til at det ikkje er dei som leverer og hentar i barnehagen. Foreldre som sjølv har hatt ein vanskeleg og skremmande oppvekst med omsorgssvikt, kan i nokre tilfelle overføra sin sviktande omsorg til sine barn. Det å vera «gode nok» foreldre krev kjærleik, varme og tryggleik, noko som kan vera vanskeleg å oppnå for enkelte foreldre (Killén, 2015, s. 172). I nokre tilfelle gir foreldra kanskje opp, og dei daglege behova til barna vert kanskje ikkje realisert, og barna vert truleg ofte veldig sjølvstendige, i og med at dei må klara seg mykje på eiga hand. Foreldre kan også verta skildra som apatisk oppgitte, der dei er lite til stades og lite involverande i barnet sitt liv, og tenkjer at ingenting er verd å gjera og ingenting er verd å engasjera seg i. Dette kan føra til at barnet vert illeluktande, har ikkje reine klede eller bleie (Killén, 2015, s. 179).

Elisabeth seier at omsorgssvikt kan oppstå «*der eine forelder eller begge er psykiske sjuke. Det er vanskeleg å vite kor grensa går, for ein får ikkje vite alt og ein har ikkje alltid konkrete bevis*» Omsorgssvikt kan oppstå når foreldra er psykisk sjuke og ikkje klarar å ta i mot den hjelpa dei får tilbod om, og ikkje har kapasitet til å følgja opp dei daglege behova til barnet. Sjølv om det er snakk om psykisk sjukdom hos begge eller den eine forelderen, er det ikkje dermed sagt at barnet vert utsett for omsorgssvikt. Familiemedlemmer kan trø støttande til og avlasta foreldra der dei ikkje strekk til, sjølv om desse ikkje kan erstatta oppgåva foreldra har. Alle kan ha dårlege og tunge periodar i livet, og ein må ikkje tru det alltid er noko psykisk lidning av den grunn. Killén skriv om barn som vert oppfatta annleis enn dei er, som er ei av gruppene ein må vera ekstra merksam på når det er snakk om psykiske overgrep. Barna vert ofte tillagt negative eigenskapar og vert ofte avviste. Dei vert og ofte utsett for trugslar og hard rigid disiplin, noko som kan føra til aggresjon og angst i redsle for å mista omsorgspersonen (Killén, 2017, s. 70).

Funn frå vår undersøking viser altså at det å sjå etter teikn og signal som kan indikera på omsorgssvikt, kan vera krevjande for barnehagelæraren. Dette er også noko som kjem fram i Folkehelseinstituttet sin rapport om teikn og signal hos barn som kan ha samanheng med omsorgssvikt. Teikn og signal som Folkehelseinstituttet hadde førehandsdefinert i prosjektplanen sin, til dømes synlege teikn på mellom anna sår, kutt, brot i bein og armar hos barn, samt foreldre si fråvær av involvering, fann dei ikkje særleg med forsking på. Likevel kan dette vera teikn og signal som barnehagelæraren må vera merksam på (Folkehelseinstituttet, 2018, s. 9). Informantane i vår undersøking viser at dei har denne merksemda, særleg nemner dei merksemda mot fysiske overgrep som kan visa seg som synlege blåmerke hos barn. Folkehelseinstituttet skriv også at det ikkje kan konkluderast

sikkert at ulike teikn kan ha samanheng med omsorgssvikt. Det er i alle høve viktig å sjå barna der dei er, og få på plass dei rette hjelpeinstansane så tidleg som mogleg (Lilleberg & Rieber Mohn, 2018, s. 18-19). Det står i rapporten til Folkehelseinstituttet at det er usikkert om til dømes antisosial åtferd og aggressiv åtferd kan ha samanheng med omsorgssvikt. Dei fann derimot at depresjon kan vera eit sikkert teikn hos barn utsett for omsorgssvikt (Folkehelseinstituttet, 2018, s. 9). I motsetning til Folkehelseinstituttet, som fann at det er usikkert på om antisosial og aggressiv åtferd kan ha samanheng med omsorgssvikt, fortel alle informantane våre at drastisk endring i åtferda hos barna er eit ganske sikkert teikn som kan føra til bekymring for omsorgssvikt. Anna sa mellom anna at barna kan utvikla frykt og redsle, og dei kan verta klengete og sjenerte. Janne sa at ein ofte kan sjå utagering hos barn som drastisk endrar åtferd. Elisabeth fortalde også at endra åtferd kan vekke mistanke om at noko er gale, og at barna vert utrygge og til dømes er beskyttande overfor sine eige kjønnsorgan ved stell eller klesbyte.

Forskning viser at drastisk endring i åtferd er noko fleire barnehagelærarar ser på som teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt, mellom anna har Zivanovic (2014) og Johansen Rushfeldt (2015) funne dette i masteroppgåvene dei har skrive. I vår undersøking fortalde Anna om si erfaring der ho har sett drastisk endring i åtferd hos barn som kan ha samanheng med omsorgssvikt. Ho sa at barn som lever i ein familie der foreldre stadig er rusa, og der dei vert utsett for psykiske, fysiske og seksuelle overgrep, kan utvikla autistiske trekk. På sidene til BUFDIR kan vi lesa at det ikkje er like enkelt å veta om barn si endring i åtferd kjem av funksjonsnedsetjing eller reaksjonar på omsorgssvikt, og at konsekvensane av nedsett funksjonsevne kan forvekslast med omsorgssvikt (BUFDIR, 2015a). Kanskje vi her kan sjå dette i lys av det Zivanovic (2014) og Johansen Rushfeldt (2014) skriv om skjult omsorgssvikt, dersom eit barn har autisme kan også omsorgssvikta vera skjult bak autismen. For barnehagelærarar kan dette medføre ei usikkerheit om dei skal senda bekymringsmelding til barnevernet eller ikkje. Barnehagelæraren har ofte ikkje spesialkompetanse på sjukdomar og lidingar, som autisme, og det kan difor vera vanskeleg å skilja mellom kva som er autisme og kva som er autistiske trekk som kjem av ein reaksjon på omsorgssvikt. Her er kanskje ein veg å gå å kontakta PPT-tenesta for å lufta bekymringane. PPT-tenesta vil kanskje allereie vera involvert i barnet når det er snakk om autisme og autistiske trekk hos eit barn. Anna sitt utsegn er såleis viktig i denne samanhengen. Ho sa at omsorgssvikt er *«når omsorga ikkje er eller delvis ikkje er til stades eller så unnverande at ein må til å kople inn andre hjelpeinstansar, for at barna skal få hjelp til å få dekt sine behov.*

6.2 Korleis kan barnehagelæraren sin kompetanse påverka arbeidet med å oppdaga omsorgssvikt?

Barnehagen sitt personale har eit særleg ansvar i arbeidet med å oppdaga barn som er utsett for omsorgssvikt. I rammeplanen for barnehagen står det skrive at personalet både skal vera bevisst på at barn kan leva med omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, samstundes som personalet skal ha kunnskap om korleis dei kan førebyggja og avdekkja omsorgssvikt (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11). Sjølv om det vert satsa på at heile personalet skal auka si kompetanse om vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt (NOU 2017: 12, s. 69-70), vil barnehagelæraren alltid ha eit meir overordna ansvar som profesjonsutøvar.

For at barnehagelærarane skal kunna sjå teikn og signal hos barn som kan ha samanheng med omsorgssvikt, ser vi at det er viktig at dei har kunnskap og kompetanse på området. Emilsen og Bratterud legg vekt på at det kan vera hindringar knytt til arbeid med å oppdaga omsorgssvikt i barnehagen som følgje av at personalet har manglande kompetanse (Emilsen og Bratterud, 2020, s. 69). I motsetning til det Emilsen og Bratterud seier om hindringar som følgje av manglande kompetanse, sa barnehagelærarane vi snakka med at dei opplever kompetansen på temaet omsorgssvikt som god i personalgruppa, men dei påpeikar likevel at den aldri kan verta god nok. Janne fortalde at ho opplever at temaet omsorgssvikt er noko alle kan verta betre på i personalgruppa, og sett i lys av det Emilsen og Bratterud (2020, s. 69) seier, kan det kanskje vera eit teikn på manglande kompetanse i personalgruppa, men det treng ikkje nødvendigvis vera tilfelle. Ettersom at omsorgssvikt er eit tøft og smertefullt tema, kan også kjensla av å stå midt oppi desse situasjonane vera så overveldande og invaderande, at kanskje barnehagelæraren føler at han eller ho ikkje er god nok, sjølv om kompetansen i botnen er der. Mange vil kanskje også kjenna på at omsorgssvikt er eit område dei aldri vil kjenna seg god nok og trygg på, i og med at sakene er så ulike.

På den andre sida presiserte Janne at temaet omsorgssvikt alltid vert jobba med avdelingsvis etter planleggjingsdagar der dette er hovudtema. Elisabeth fortalde at ho opplever det som vanskeleg å veta kva kompetanse som skal til i personalgruppa for å oppdaga dei ulike typane omsorgssvikt, i og med at sakene og formene for omsorgssvikt er så ulike. Det er i følgje Emilsen og Bratterud (2011) ofte uvisse knytt til dei etiske vurderingane og kva som er til barnets beste (Emilsen & Bratterud, sitert i Emilsen & Bratterud, 2020, s. 67). Det er og eit spørsmål å stilla om kompetansen er god nok dersom det er mykje sjukefråvær over tid blant dei tilsette og barnehagen må ta inn fleire vikarar. Det kan vera mange utan pedagogisk utdanning som jobbar i barnehagen, og derfor er det heit avgjerande at alle tilsette har god

nok kompetanse om vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt generelt.

Kunnskapsdepartementet sette inn fleire tiltak i 2017 for å auka kompetansen på vald og overgrep hos alle tilsettgruppene i barnehagen (NOU, 2017: 12, s. 69-70).

Anna fortalde at personalgruppa deltek på ei rekkje kurs der omsorgssvikt har vore hovudtema. Ho sa at dei jobbar godt med temaet i barnehagen, der dei til dømes snakkar om fysisk og psykisk omsorgssvikt, og korleis barnehagen kan førebyggja og avdekkja omsorgssvikt, i tillegg til korleis dei kan bidra til at barna utviklar seg i ein positiv retning. Anna nemnde noko om barn si normalutvikling, og fortalde at det er viktig at barnehagelæraren ser skiljet mellom barn si normalutvikling og omsorgssvikt. På den eine sida kan barn som er veldig oppteken av eigen og andre sin kropp, vekke mistanke om omsorgssvikt, men på den andre sida er vi einige i det Anna seier om at det er normalt at barn i barnehagealder utviklar nysgjerrigheit rundt eigen og andre sin kropp. Ho fortalde også at barn som er eller har vore utsett for omsorgssvikt kan verta veldig mørkredde, men det er viktig å også hugsa på at barn normalt kan vera mørkredde utan at det har ei forklaring. Claussen skriv at barnehagelærarar skal gjennom si utdanning ha tileigna seg kompetanse om barn si normalutvikling, samstundes skal dei ha tileigna seg kompetanse på kva som er avvik frå barn si normalutvikling (Claussen, 2010, s. 18). I slike situasjonar som Anna fortalde om her, kan vi på den eine sida spørja om barnehagelæraren har nok kompetanse om normalutviklinga til barn, medan vi på den andre sida ser at det kan vera vanskeleg å skilja mellom det ein mistenkjer er omsorgssvikt og det som er normalutvikling, som Anna sa.

Det er ikkje sikkert at den som kjenner barnet best er den som fyrst får mistanke om at barnet vert utsett for omsorgssvikt, og difor kan det kanskje vera lurt å snakka med kollegaer og høyra kva oppfatning dei har av barnet, og om det er andre som mistenkjer at barnet kan vera utsett for omsorgssvikt. Både kollegaer på same avdeling eller styrar kan vera gode og viktige informasjonskjelder når det gjeld bekymring for eit barn, uttaler Claussen. Han fortel også at når ein tar kontakt og ber om opplysingar frå kollegaer, kan ein få svar som: eg har inntrykk av..., eg har høyrte at..., eller eg føler. Det kan vera «skummelt» å få for mange meiningar og synsingar frå kollegaer, og slike utsegn og meiningar må kunna spesifiserast og konkretiserast for at dei skal vera av verdi. Dersom kollegaer har utsegn og meiningar som dei ikkje konkretiserer, bør vi sjå bort frå desse utsegna (Claussen, 2010, s. 28).

6.3 Korleis går barnehagelæraren fram i omsorgssviktsituasjonar?

Med tanke på at barn som opplever omsorgssvikt tapar barndommen sin og at dei ofte lever i konstant frykt og redsle for kva som møter dei (Lilleberg og Rieber-Mohn, 2018, s. 36-37), er det naudsynt at barnehagelærarane har kunnskap om korleis dei kan oppdaga omsorgssvikt og samstundes veit korleis dei skal gå fram. Glaser seier det er viktig at barnehagelærarar snakkar gir foreldra råd og rettleiing, og det er viktig å avklara forventningar til rettleiinga, samstundes som roller og relasjonar må avklarast (Glaser, 2018, s. 68). Janne og Elisabeth fortalde begge at dei vil ta kontakt med foreldra det gjeld og snakka med styrar for å få eit meir ope bilete av saka. Vi ser og på det som heilt avgjerande å ha god kontakt med foreldra. Dersom barnehagelæraren i tillegg tek kontakt med styrar, kan det kanskje vera at det kjem fram at fleire har lufta same bekymring, og styrar vil truleg sjå enno større grunn til å senda bekymringsmelding til barnevernet. Lehn og Emilsen skriv også at det er viktig å snakka med styrar eller kollegaer dersom ein går og kjenner på ei uro og mistanke om omsorgssvikt, for å avgjera om det er alvorleg nok til å arbeida vidare med og kopla inn andre instansar (Lehn & Emilsen, 2020, s. 142). som skrive over, er dette med å snakk med kollegaer om bekymringar og deira meining noko ein bør vera varsam med.

Glaser fortel at barnehagelærarar står i ein sterk posisjon til å kunna rettleia og hjelpa foreldra om dei treng det (Glaser, 2018, s. 68). Killén seier at dersom foreldra skal kunne ha nytte av hjelpa, må dei også vere viljuge til å ta i mot hjelpa dei får tilbod om (Killén, 2015, s. 198). Anna fortalde i si praksisforteljing om ei mor som fekk innsyn i bekymringsmeldinga som barnehagen hadde skrive, men var usamd i meldinga. Det vart frå barnevernet si side sett inn tiltak om foreldreskule for at foreldra skulle få læra meir om korleis dei skulle opptre som foreldre. I tillegg kan det hende at barnevernet sette inn fleire tiltak for å hjelpe familien, men det er noko dei ikkje er plikta å opplysa barnehagen om (Forvaltningslova, 1970, § 13). Ut frå det Anna fortalde, byrja ting å endra seg både i familien og i barnehagen etter kvart. Det kan verka som at mora måtte sjå og oppleve at folk ville hjelpa ho, før ho var med på å få den hjelpa ho trong. På den andre sida kan det henda at mora følte at barnevernet ville ta frå henne barna, og difor uttrykte ho kanskje redsle då ho fekk sjå bekymringsmeldinga. Etter det Anna fortalde om i denne praksisforteljing, ser vi at det er avgjerande i slike saker å ha eit godt foreldresamarbeid i botnen, I intervjuva våre kom det også fram at når ein har eit godt og solid foreldresamarbeid, kan det vera lettare å oppdaga ting som endrar seg med barnet.

Både teorien og lova er klar på at barnehagelæraren skal samarbeida med foreldra om det er grunn for mistanke om omsorgssvikt som til dømes vanskjøtsel, men barnehagelærer og styrar skal ikkje melde frå til foreldra når det er snakk om omsorgssvikt som omhandlar fysiske eller seksuelle overgrep på barn, då skal dei melde frå til barnevernet utan hinder av teieplikta (Barnehagelova, 2005, § 22). Det verka som informantane vi snakka med var klar på kva tid dei kunne snakka med foreldra og kva tid dei måtte kontakta barnevernet direkte. Informantane fortalde at det er ein ekstra tryggleik å kunna ringja barnevernet for å drøfta anonymt rundt ei sak dei er usikre på. Ut frå det informantane sa, er barnehagane sin praksis som regel å kalla foreldra inn på eit møte med barnehagelærer, og kanskje også styrar, noko dei gjer for å få tettare kontakt med foreldra.

Dei fleste foreldra er interessert i å snakka om barnet sitt, og likar å få eit innblikk i korleis det er i barnehagen (Killén, 2017, s. 178). Det er viktig å kunna ha eit samarbeid med foreldra slik at ein kan får veta kva som skjer heime. Barnehagelæraren står i ein sterk posisjon til å hjelpa og rettleia foreldra dersom det er naudsynt (Glaser, 2018, s. 68). Vi tenkjer at den dagelege dialogen mellom barnehagelærer og foreldre har mykje å seia for utveksling av informasjon om barnet, og det er kanskje spesielt viktig hos dei yngste barna som ikkje kan fortelja og uttrykkja seg sjølv, noko vi ser igjen i teorien til Killén (Killén, 2017, s. 177). Informasjonsflyten mellom heim og barnehage er viktig, slik at barnehagelæraren kjenner seg tryggare ved endringar heime som kan gje utslag i barnehagen (Killén, 2017, s. 178). Dermed ser vi, som Elisabeth fortalde, at det er viktig med eit godt foreldresamarbeid i botnen.

6.3.1 Når er behovet for å trekkja inn barnevernet?

Opplysningsplikta til barnevernet er klar på at barnehagen er pliktig til å melde frå til barnevernet om omsorgssviktsituasjonar i barnehagen (Barnehagelova, 2005, § 22). Informantane var samde i at ein del saker kan løysast ved at barnehagelæraren går i dialog med foreldra. Det verkar som barnevernet ikkje får gjort så mykje utan nok grunnlag i sakene, og difor er det som Anna sa heilt avgjerande at barnehagen sender detaljerte rapportar i saka. Anna fortalde at «*Det var sendt inn mange bekymringsmeldingar frå naboar og folk som kjente familien, men det skjedde ingenting før barnehagen sendte bekymringsmelding. Det kan hende barnehagen har ei sterkare stemme hos barnevernet*». Denne erfaringa som Anna fortalde om her, kan vera eit døme som kan visa kor stor makt barnehagen har i saker som omhandlar omsorgssvikt, og det kan visa kor viktig det er at barnehagelærarane tidleg melder inn til barnevernet. Det kan også ha vore hendingar som naboar har sett som har ført til bekymring hos dei, som ikkje barnehagelæraren er klar over, men i lys av barnevernet si

teieplikt, kan vi aldri veta om tiltak allereie er sett inn. Sjølv om dette var ei veldig alvorleg sak der fleire hadde meldt inn bekymringsmelding, erfarte Anna at det var fyrst då barnehagen sendte inn bekymringsmelding at barnevernet kom på banen. Barnevernet kan setja inn tiltak utan å fortelja det til dei som melder inn bekymringsmelding, då barnevernet har teieplikt (Forvaltningslova, 1970, § 13). Anna fortalde at ho måtte sende inn ein detaljert rapport om kva som hadde skjedd, dette førte til at barnehagen slapp å vitna i saka som måtte opp i retten. Om ein må vitna eller ikkje varierer nok veldig frå sak til sak, men som vi har forstått er det difor svært viktig at barnehagen lagar klare og detaljerte rapportar dersom saka kjem opp i retten eller konfliktrådet.

I praksisforteljinga om mora som måtte lære meir av korleis ho kunne opptre som ei betre mor, ser vi at det er viktig å kunna samarbeida med foreldra og også med andre hjelpeinstansar ved behov. Vi vil tru at barnehagelæraren har forklart mora meir om kva barnevernet er og at barnevernstenesta jobbar for barnets beste, og ikkje tek barna frå foreldra i alle tilfelle slik som mange kanskje trur. Mor var ikkje einig i barnevernsmeldinga som blei sendt, men ser ut til å ha gått med på tiltaka barnevernet har satt inn. Ved å setja inn hjelpetiltak frå barnevernet si side, vil det truleg kunne ordna seg i mange situasjonar, og vi tenkjer at det vil vera viktig at barnehagelærar støttar foreldra og gjev dei gode tips og råd på vegen.

Alle informantane våre var einige i at barnevernet er flinke til å gi både barnehagen og foreldra råd og rettleiing, mellom anna kunne Anna fortelja at ho fleire gongar har stått i situasjonar der ho er usikker på om ho skal senda bekymringsmelding til barnevernet, og då har ho teke kontakt med dei og drøfta saka anonymt. BUFDIR skriv at mange foreldre ofte tek kontakt med barnevernet sjølv for å få råd og rettleiing (BUFDIR, 2015c). Informanten vår Janne, sa derimot at ho opplever at det er mange som ikkje er klar over at barnevernstenesta også har tilbod for råd og rettleiing. «*Mange foreldre kan kjenna på redsle og frykt når vi snakkar om barnevernet, fordi mange forbind barnevernet med at dei skal ta barna frå foreldra*», sa Janne. Her må nok barnehagen vera tydeleg og orientera om barnevernet på ein måte som ikkje uroar foreldre, ufarleggjera barnevernet og samstundes tydeleggjera at barnevernstenesta også tilbyr råd og rettleiing.

7. Avslutning/konklusjon

I denne oppgåva har vi sett på teori og gjennomført intervju for å svara på problemstillinga vår: «*kva teikn og signal kan barnehagelæraren sjå etter ved mistanke om omsorgssvikt, og korleis går barnehagelæraren fram i omsorgssviktsituasjonar?*». Vi har også undersøkt korleis barnehagelærarane sitt samarbeid er med foreldra, og når barnehagelæraren ser behovet for å trekkja inn barnevernet.

7.1 Rammeplanen og Lova

Rammeplanen for barnehagen seier at gjennom den daglege kontakten med barna, står barnehagepersonalet i ein god posisjon til å kunna observera og ta imot informasjon om barna sin omsorgs- og livssituasjon. Personalet i barnehagen skal vera bevisst på at barn kan vera utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal veta korleis omsorgssvikt kan førebyggjast og avdekkjast. Alle i barnehagen skal kjenna til opplysningsplikta til barnevernet, jf. Barnehagelova § 22 (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11). I intervjuet vi gjennomførte, vart det snakka ein god del om kompetansen i personalgruppa, og at alle tilsette i barnehagen skulle få opplæring i kva teikn og signal som kan ha samanheng med omsorgssvikt og korleis avdekkja omsorgssvikta. Alle dei tre barnehagelærarane vi snakka med konkluderte med at kompetansen i personalgruppa var god og fortalde at dei deltok på ei rekkje kurs der tema var omsorgssvikt, men påpeikte at ein alltid kunne læra noko nytt og betra kompetansen.

7.2 Teikn og signal

Vi brukte kvalitativ metode til å innhenta empiri, og intervjuet tre personar som alle hadde barnehagelærerutdanning. Eit av dei tydelegaste teikna som alle barnehagelærarane fortalde om, var plutselige og drastiske endringar i åtferda hos barn. To av dei nemnde og at tydelege og gjentatte blåmerke kunne vera eit teikn på omsorgssvikt, men at det er vanskeleg å konkludera med teikn og signal som har samanheng med omsorgssvikt, i og med at sakene er så ulike. Ein del av dei teikna og signala på omsorgssvikt, som til dømes at barn er nysgjerrig og utforskande til eigen og andre sin kropp, kan også vera ein del av normalutviklinga til barn, så informantane konkluderer med at det kan vera vanskeleg å veta om dette er normalutvikling eller om det er reaksjonar på omsorgssvikt.

I intervjuet fekk vi greie på at det kan vera vanskeleg å skilja mellom barn som har autisme og barn som er utsett for omsorgssvikt, fordi som den eine barnehagelæraren sa kan barn som er utsett for omsorgssvikt utvikla autistiske trekk som ein reaksjon på omsorgssvikta. Ei av

barnehagelærarane konkluderte og med at det å tolka barneteikningar kunne vera til hjelp for å avdekkja omsorgssvikt. Understimulerte barn og dårleg hygiene er også teikn som informantane nemnde som kunne tyda på omsorgssvikt.

7.3 Samarbeid med foreldra og barnevernet

Informantane våre fortalde at eit godt foreldresamarbeid frå barnehagestarten er viktig og kan skapa tryggleik for foreldra i ein eventuell omsorgssviktsituasjon. Foreldresamtalar er viktige hjelpemidlar for å kunna utveksla erfaringar om korleis barnet har det heime og i barnehagen. Samtalane i bringe- og hentesituasjonane i kvardagen er også viktige for å skapa tryggleik, då ein i desse samtalane kan fanga opp situasjonar som kan påverka barnet, til dømes skilsmisse og dødsfall i familien. Dersom det er aktuelt med bekymringsmelding til barnevernet, vil det vera naudsynt med vanskelege og tunge samtalar med foreldra til barnet. Etter vår kjennskap, kan ein som barnehagelærer i stor grad rettleia og hjelpa foreldra til ein betre situasjon for familien.

Det er og avgjerande at barnehagelæraren er ein trygg og god rollemodell for både barn og foreldre. Ut frå det informantane våre sa, konkluderer dei med at det er viktig å ha eit godt samarbeid med barnevernet, og gjera det tydeleg for foreldra at barnevernet har tilbod om råd og rettleiing. Barnehagelærarane såg ein tryggleik i høvet dei har til å kontakta barnevernet og drøfta situasjonar og bekymringar anonymt med dei. Både barnehagen og barnevernet kan hjelpe foreldre og barna som har det vanskeleg i kvardagen.

Vi valde dette temaet for å lære meir om korleis omsorgssvikt, og teikn og signal som kan indikera på omsorgssvikt, og vi har lært mykje om dei ulike sidene av omsorgssvikt. Vi har også lært ein del om korleis barnehagen går fram og jobbar med foreldra og barnevernet. Ei vidareføring av denne oppgåva kunne vore å undersøkje og observera korleis barnehagelærarane arbeider med barna i omsorgssviktsituasjonar.

8. Litteraturliste

Barnehageloven. (2005). Lov om barnehager. (LOV-2005-06-17-64). Henta frå

<https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64>

Barnevernloven. (1993). Lov om barnevernstenester. (LOV-1992- 07-17-100). Henta frå

<https://lovdata.no/lov/1992-07-17-100>

BUFDIR. (2018, 4, April, endra 6 april 2018). *Omsorgssvikt*.

https://bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Vern_mot_overgrep/Vold_og_overgrep_mot_barn_og_unge_med_funksjonsnedsettelse/Tegn_pa_vold_og_overgrep/Omsorgssvikt/

BUFDIR. (2015a, 7 september, endra 26. Februar 2020). *Omsorgssvikt eller funksjonsnedsettelse?* Henta frå

https://bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Hva_er_nedsatt_funksjonsevne/Omsorgssvikt_eller_funksjonsnedsettelse/

BUFDIR. (2015b, 19 mars, endra 14 desember 2020). *Hjelpetiltak i hjemmet*. Henta frå

https://bufdir.no/Barnevern/Tiltak_i_barnevernet/Hjelpetiltak_i_hjemmet/

BUFDIR. (2015c, 25 mars, endra 15 desember 2020). *Hva skjer i en barnevernssak?*. Henta frå https://bufdir.no/Barnevern/Om_barnevernet/Gangen_i_en_barnevernssak/

Claussen, C. J., Sagbakken, A., Gamst. & Langballe, Å. (2010). *Det er noe med den ungen; Fra bekymring til handling* (2. utg.). Oslo: SEBU forlag.

Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.

Emilsen, K. & Bratterud, Å. (2020). Ansvar, plikt og samarbeid. I K. Emilsen (red.), *Dørstokkmila: Barnehagens vei fra magesfølelse til melding* (s. 37-62). Bergen: Fagbokforlaget.

Emilsen, K. & Bratterud, Å. (2020). Dilemmaer og hindringer. I K. Emilsen (red.), *Dørstokkmila: Barnehagens vei fra magesfølelse til melding* (s. 65-76). Bergen: Fagbokforlaget.

- Emilsen, K. & Walsøe, E.L. (2020). Sentrale mønstre i barnehageansattes arbeid med barn som bekymrer. I K. Emilsen (Red.), *Dørstokkmila: Barnehagens vei fra magesfølelse til melding* (s. 139-146). Bergen: Fagbokforlaget.
- Forvaltningsloven (1970). Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. (LOV-1967-02-10). Henta frå <https://lovdata.no/lov/1967-02-10>.
- Glaser, V. (2018). *Foreldresamarbeid: Barnehagen i et mangfoldig samfunn*. (2.Utg). Oslo: Universitetsforlaget
- Jacobsen, D. I. & Postholm, M. B. (2011) *Læreren med forskerblikk: Innføring i vitenskapelig metode for lærerstudentene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Killén, K. (2017). *Forebyggende arbeid i barnehagen: Samspill og tilknytning*. (2.utg.). Oslo: Kommuneforlaget.
- Killén, K. (2015). *Sveket*. 5 reviderte utgave (i.e. 2. utg. av 2-bindsutg). Oslo: Kommuneforlaget
- Kvale, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. (3.utg). Oslo: Gyldendal Akademisk
- Kvællø, Ø. (2015). *Barn i risiko*. (2.utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>
- Lilleberg, E. & Rieber-Mohn, T. (2018). *Når barns atferd gjør deg bekymret*. Bergen: Pedlex.
- NOU 2017: 12. (2017). *Svikt og svik: Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2017-12/id2558211/>.
- Reinar, L. M., Vist, G. E., Kirkehei, I. & Kornø, H. (2018). *Hvilke tegn og signaler som kan observeres av personell i barnehage og skole kan ha sammenheng med omsorgssvikt? En systematisk oversikt over oversikter*. Folkehelseinstituttet. Henta frå <https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2018/hvilke-tegn-og-signaler-som-kan-observeres-av-peronell-i-barnehage-og-skole-kan-ha-sammenheng-med-omsorgssvikt-rapport-2018-v2.pdf>.

Rushfeldt, T. J. (2014). *Barnehagen som hjelpetiltak: En kvalitativ undersøkelse av hvordan barnehagen kan fungere som en del av et hjelpetiltak for barn som utsettes for omsorgssvikt av sine nære hjelpepersoner*. Masteroppgåve henta frå

https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/270160/762130_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y.

Tholin, K. R. (2013) *Omsorg i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.

Zivanovic, D. (2014). *Barn som er utsatt for omsorgssvikt- hvordan oppdage dem? En kvalitativ studie som belyser hvordan barnehageansatte oppdager barn som er utsatt for omsorgssvikt*. Masteroppgåve henta frå [https://uia.brage.unit.no/uia-](https://uia.brage.unit.no/uia-xmlui/bitstream/handle/11250/221417/Darija%20Zivanovic%20Oppgave.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

[xmlui/bitstream/handle/11250/221417/Darija%20Zivanovic%20Oppgave.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://uia.brage.unit.no/uia-xmlui/bitstream/handle/11250/221417/Darija%20Zivanovic%20Oppgave.pdf?sequence=1&isAllowed=y) .

9. Vedlegg

VEDLEGG 1: INFORMASJONSSKRIV

Informasjonsskriv:

Informasjon til informantar

Vi er to barnehagelærarstudentar som er på vårt tredje og siste år på barnehagelærarutdanninga ved HVL campus Stord. Vi skal i haust skriva vår bacheloroppgåve, der temaet vi vil skriva om er omsorgssvikt. Me håpar difor at du kan tenke deg å ta del i denne undersøkinga, og i dette skrivet vil vi gi deg litt informasjon om undersøkinga (prosjektet) og deltakelsen din i undersøkinga (prosjektet).

Formålet med denne oppgåva:

I denne oppgåva vil vi undersøka korleis du som barnehagelærer kan oppdaga teikn og signal på omsorgssvikt og korleis samarbeidet med foreldra fungerer. Temaet omsorgssvikt er eit svært viktig tema, og vi ønskjer å utforska dette temaet litt nærare. Problemstillinga vi har formulert handlar blant anna om kva teikn og signal som kan vekke mistanke om omsorgssvikt, og problemstillinga er slik: “Kva teikn og signal kan barnehagelærer sjå etter ved mistanke om omsorgssvikt hos barn? Korleis blir mistanke om omsorgssvikt jobba med av barnehagelæraren og kvar tid ser de behovet for å trekkja inn barnevernet? Og korleis blir samarbeid med foreldra?”

Vi vil nytta oss av den kvalitative metoden når vi innhentar empiri, som vil seia at vi vil nytta intervju. Vi tenkjer at intervjuet vil vare i omkring 45 minutt, men lenger om behov. Grunna Covid-19 vil dette intervjuet bli på Teams, du vil også få spørsmåla utdelt på førehand. Det er viktig for oss å ivareta personvernsomsyn, derfor vil alle data som er samla inn vera anonymisert, og alle opplysningane du gir vil bli handsama konfidensielt slik at du som person eller barnehagen ikkje vil gjenkjennast i den ferdige bacheloroppgåva. Det vil kun vere oss to studentar som har tilgang på informasjonen du gir. All informasjon vil bli lagra forsvarleg med passordbeskyttelse. Når bacheloroppgåva er ferdig og sensurert vil all informasjon du har gitt bli sletta og makulert.

Har du spørsmål om undersøkinga kan du ta kontakt med:

MVH:

VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE

Litt om bakgrunnen din:

- Kor lenge har du jobba i barnehage?
- Jobbar du på småbarnsavdeling eller storbarnsavdeling?
- Kva utdanning har du tatt?
- Har du eller barnehagen opplevd nokon form omsorgssvikt? I så fall, Kan du sei noko om kva type omsorgssvikt det var?

Spørsmål:

1. Kva er definisjonen på omsorgssvikt for deg?
2. Kva kan typiske teikn vera som ein kan sjå hos barn med som kan gi deg mistanke om omsorgssvikt?
3. Korleis går ein fram når ein har mistanke om omsorgssvikt? Kan du gi døme?
4. Korleis opplev du at kompetansen rundt temaet omsorgssvikt er i personalgruppa?
 - Deltar de på kurs om temaet?
 - Tar de opp temaet omsorgssvikt på personalmøte\avdelingsmøte eller basemøte? Viss ja, kva informasjon vert gitt og kva vert snakka om?
5. Korleis vil du vurdere din eigen kompetanse rundt temaet omsorgssvikt og bekymring for eit barn? Har du kunnskap nok om teikn og signal du som barnehagelærer kan sjå etter som utløyser mistanken om omsorgssvikt?
6. Kva seie omgrepet meldeplikt deg? Er du godt kjent med meldeplikta og lovverket knytt til det?
7. Har du stått overfor situasjoner der du er i tvil om å sende bekymringsmelding? I så fall, korleis kjentes det ut?
 - Føler du deg usikker eller trygg ovanfor meldeplikta?
 - Har du sjølv hatt mistanke om eit barn er utsett for omsorgssvikt?
8. Kva teikn og signal vil du som barnehagelærer sjå på som alvorlege nok til å mistenkja omsorgssvikt?
9. Kva meiner du at de i barnehagen kan gjera for å forebyggja at eit barn vert utsett for omsorgssvikt?
10. Korleis samarbeider de med foreldre når de har mistanke om at eit barn vert utsett for omsorgssvikt?
 - Korleis opplev du foreldra når du som barnehagelærer må melde frå til barnevernet?

- Korleis skal du opptre i ein slik situasjon med foreldra? Kroppsspråk? Haldningar?
11. Kvar tid ser de behovet for å kontakta barnevernet? Kva erfaring har du med barnevernet?